ÅRSMELDING 2023

Røde Kors Sogn og Fjordane

Utdrag frå Røde Kors sitt mandat og hovudprogram

KVEN VI ER

Røde Kors sitt oppdrag er å avdekke, hindre og lindre menneskeleg naud og liding. Vår innsats er forankra i lokale behov, og tek utgangspunkt i ressursar, kompetanse og lokale forhold.

Røde Kors driv si verksemd i samsvar med Røde Kors- og Røde Halvmåne-rørsla sine sju grunnprinsipp:

- Humanitet
- Upartiskhet
- Nøytralitet
- Uavhengighet
- Frivillighet
- Enhet
- Universalitet

Gjennom lokalforeiningar, distriktsforeiningar, nasjonalforeininga og søsterforeiningar over heile verda, er Røde Kors der menneske er for å hjelpe dei som treng oss mest. Vi er talspersonar for menneske i utsette livssituasjonar og handlar slik at vi er best mogeleg budde til å møte udekka humanitære behov, no og i framtida.

Røde Kors i Noreg er del av Røde Kors og Røde Halvmåne-rørsla, som er verdas største humanitære nettverk. Gjennom søsterforeiningar i nesten alle land og deira lokale frivillige, er Røde Kors til stades for å hjelpe dei mest sårbare – både før, under og etter katastrofer og kriser, væpna konflikt og vald.

Gjennom kongeleg resolusjon av 14.08.1907 og 21.08.2009 er Røde Kors støtteaktør for norske styresmakter; våre aktivitetar støttar og utfyller tenestetilbodet til det offentlege. Røde Kors er pådrivar for å auke kunnskapen om og auka respekt for internasjonal humanitær rett, menneskerettar og flyktningretten.

Røde Kors er ein medlemsstyrt organisasjon og utfører humanitære aktivitetar i lokalsamfunnet gjennom frivillige i våre lokalforeiningar. Vår innsats er forankra i lokale behov og har sitt utgangspunkt i Røde Kors-vurderinga.

Røde Kors er den største, frivillige humanitære organisasjonen i Noreg. Vi er ein beredskaps-organisasjon der alle ledd er klar til innsats, og vi er ein viktig del av den norske redningstenesta. I Noreg er vi organisert i tre hovudområder: Røde Kors Hjelpekorps, Røde Kors Omsorg og Røde Kors Ungdom.

Hovedprogrammet er vedtatt av landsmøtet, og alle som er knytt til Røde Kors i Noreg - på lokalt, distrikts- og nasjonalt plan, skal innrette planar, strategiar og prioriteringar til dei mål og avklaringar som går fram av hovedprogrammet. Lokalforeiningane tilpassar sine planer til lokale behov.

Distrikta bistår lokale ledd med rådgjeving, tilrettelegging og opplæring, og er pådrivar for at måla i hovudprogrammet vert nådd. Distriktet er koordinator og bindeledd mellom lokalt og nasjonalt nivå.

Norges Røde Kors representerer Røde Kors ovafor nasjonale styremakter. Norges Røde Kors bistår distrikt og lokale ledd med råd, tilrettelegging og opplæring, og er pådrivar for at måla i hovudprogrammet vert nådd. Norges Røde Kors er koordinator og bindeledd mellom distrikta. Røde Kors tek ansvar for sine handlingar og skal ikkje bidra til skade på menneske, samfunn eller miljø.

KVA VI GJER

Alle organisasjonsledd skal legge Røde Kors-vurderinga til grunn for sine planar og prioriteringar:

1. Det skal vere eit udekka behov blant menneske i utsette livssituasjonar.
2. Aktiviteten skal vere ein naturleg del av vårt oppdrag og i samsvar med våre prinsipp.
3. Behova er ikkje dekka av andre med betre kompetanse eller med meir naturleg forankring.
4. Røde Kors har kompetanse og ressursar til å utføre oppgåva.

Hovudprogrammet er ei treårig konkretisering av «Langtidsplan for Norges Røde Kors 2020-2030». Langtidsplanen følgjer Det Internasjonale Forbundet av Røde Kors- og Røde Halvmåne-foreininga sin «Strategy 2030» og viser Røde Kors i Noreg sine prioriteringar:

Strategiske mål:

- Menneske er budde på, overlever og kjem seg raskt etter kriser
- Menneske lever trygge, sunne og verdige liv, med høve til utvikling.
- Menneske mobiliserer for inkluderande og fredelege lokalsamfunn

5 globale utfordringar: Dei største risikoane og utfordringane vi skal møte:

- Klima- og miljøkrise
- Kriser og katastrofer i utvikling
- Aukande gap i helse og velvære
- Migrasjon og identitet
- Verdiar, inkludering og makt

Organisatoriske mål:

- Legge til rette for sterke og effektive lokale ledd
- Inspirere og mobilisere frivilligheit
- Sikre tillit og ansvarligheit
- Arbeide effektivt som eit nettverk
- Påverke humanitær handling
- Gjennomføre digital omstilling
- Sikre finansering for fremtida

I hovudprogrammet for 2021-2023 er det fastsett at Røde Kors i Noreg har tre samfunnsmål:

- **Redde liv:** Menneske er budde på, overlever og kjem seg raskt etter kriser
- **Trygg oppvekst:** Barn og unge utviklar seg i trygge og aksepterande omgjevnader, prega av inkluderande fellesskap.
- **Verdige liv:** Menneske lever trygge og verdige liv, med høve til utvikling.

KORLEIS VI ARBEIDER

Røde Kors har fire organisatoriske mål:

- **Humanitær effekt:** Vi prioriterer og gjennomfører humanitær innsats som har effekt.
- **Styrke frivilligheita:** Vi inspirerer, mobiliserer og klarer å få medlemmer og frivillige til å bli
- **Open og endringsdyktig:** Vi vidareutviklar oss som ein open og endringsdyktig organisasjon.
- **Berekraftig og ansvarleg:** Vi sikrar tillit hjå våre deltakarar, frivillige, gjevarar og samfunnet rundt oss ved å gjennomføre aktivitet på ein berekraftig og ansvarleg måte.

Innhald

Utdrag frå Røde Kors sitt mandat og hovudprogram 2
Oversyn innhald 4
Distriktsstyret - Årsmelding 2023 5
Beredskapsutvalet - Årsmelding 2023 6
Distriktsråd hjelpekorps - Årsmelding 2023 7
Distriktsråd omsorg - Årsmelding 2023 12
Distriktsråd ungdom - Årsmelding 2023 15
Internasjonalt utval - Årsmelding 2023 16
Humanitært påverknadsarbeid 17
Lokal kapasitet; rekruttering og medlemspleie 18
Opplæring og ettersamtale 19
Digitalisering og personvern 20
Årsmøte og samlingar 21
Haugland 24
Økonomi 24

Rekneskapsprinsipp 25
Aktivitetsrekneskap 2023 26
Balanserekneskap pr 31.12.23 27
Notar til rekneskapen 28
Revisjonsmelding 32

Oversyn styret, tillitsvalde og tilsette 34

Sogn og Fjordane Røde Kors
Årsmelding 2023, org.nr. 983 198 422

Sogn og Fjordane Røde Kors er eit sjølvstendig organisasjonsledd og representerer Røde Kors i Sogn og Fjordane. Røde Kors sitt oppdrag er å avdekke, hindre og lindre menneskeleg naud og liding.

Distriktsorganisasjonen arbeider for Røde Kors sine prinsipp og føremål, legg til rette for at lokale Røde Kors-foreiningar har eit humanitært tilbod, støttar dei ved fellestiltak og aktivitetar det vert bede om støtte til. Sogn og Fjordane Røde Kors er koordinator og bindeledd mellom lokalforeiningar i distriktet og nasjonalt nivå i Røde Kors, og har kontoradresse i Førde.

Røde Kors har aktivitet i alle 18 kommunane i distriktet i 2023. Det var aktivitet i 26 lokal-foreiningar, 26 hjelpekorps, seks ungdomslag og 25 omsorgstenester – inkludert besøksteneste og barnehjelp, samt lokale migrasjonsaktivitetar og aktivitetar for og med barn og ungdom. Det er god grunn til å rose alle frivillige i alle lokale ledd for engasjert og stor innsats i både humanitær og organisatorisk aktivitet. Mellom anna auka tal betalande medlemmer med 268 til 5.674 siste året.

For meir utførleg omtale viser styret til årsmeldingane til distriktsråda for høvesvis hjelpekorps, omsorg og ungdom, og beredskapsutval og internasjonalt utval.

Aktivitetsrekneskapen for distriktet i 2023 viser eit resultat på kr 323.015. Føremålskapital med sjølvpålagte bindingar auka frå kr. 2.367.642 til kr. 2.511.543, anna føremålskapital minka frå kr. 6.175.854 til kr. 5.618.801, og det vart aktivert midlar til avskriving på kr. 736.167. Styret stadfestar at føresetnaden for framleis drift er til stades og at det er lagt til grunn ved framlegging av rekneskapen.

Distriktskontoret har ti tilsette ved utgangen av året, og alle er fast tilsette. Sjukefråværet i 2023 var på 4,7 %. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2023. Styret opplever at arbeidsmiljøet og den generelle trivselen på kontoret er god. Samhandlinga mellom dei tilsette og tillitsvalde i distriktsleddet er kjenneteikna av ein open og god dialog.

På distriktskontoret var det tilsett fem kvinner og fem menn ved årsskiftet. I distriktsstyret er det fem kvinnelege og fem mannlege medlemmer og varamedlemmer. Styret har ikkje sett grunn til å gjere spesielle tiltak knytt til likestilling.

Førde, 31. desember 2023/13. februar 2024

Synøve Sande
Distriktsleiar

Jon Atle Sagebø-Rise
nestleiar

Per I. Rimmen
medlem

Arne Dale
medlem/distriktsrådsleiar omsorg

Per Kristian Storevik
medlem

Berit F. Arntsen
medlem

Anita Kristin Vik
medlem/distriktsrådsleiar hjelpekorps

Marte Heggestad
medlem/distriktsrådsleiar ungdom

Norvall Nøringset
varamedlem

Anita Hjønnevåg
varamedlem

Dag Hovland
dagleg leiar

Beredskapsutvalet Årsmelding 2023

Beredskapsutvalet har vore samansett slik:
Leiar: Per Ingvald Rimmen, distriktsstyret
Medlem: Steinar Grønsberg, Aurland
Medlem: Britt Optun, d-råd Omsorg/Hafslo
Personleg vara: Arne Dale, Hyllestad
Medlem: Geir Ove Optun, d-råd Hjelpekorps/Hafslo
Personleg vara: Anita Kristin Vik/Stryn
Medlem: Hege Anett Nygård Seljeset/Eid
Personleg vara: Marte Heggestad, d-råd Ungdom/Luster

BEREDSKAPSUTVALET er det rådgjevande organet for distriktsstyret innan beredskap. Utvalet har handsama 21 saker på fire møte, og har vektlagt arbeid med beredskapsopplæring i lokal-foreiningane, beredskapsavtaler med kommunane og beredskapsøving på distriktsnivå og lokalt.

2023 har vore eit roleg år i vårt distrikt i høve uønska hendingar, sjølv om krigen i Ukraina og daglege påminningar i høve hybride angrep minner oss på at det er naudsynt å vere budd. Det har vore eit jamt tilsig av flyktningar til vårt distrikt og på slutten av året melder kommunane om at deira kapasitet er brukt opp.

Uveret «Hans» ramma Austlandet hardt medan vi merka lite. Likevel er «Hans» ein solid påminning om at det blir meir ekstreme vèrtilhøve framover og at vi må vere klare til å hjelpa våre lokalsamfunn.

Distriktet har fått ny Beredskapsplan i 2023 og det er gjort tiltak for å styrke den operative kapasiteten i høve kriseleiing. Vi har brukt tid i utvalet på å bli kjent med den nye planen og forstå dei ulike leiings- og tiltaksnivåa, og dei nye rollene dette gjev. Planen skal testast under i øving i januar.

NASJONAL BEREDSKAPSSAMLING

Denne samlinga blei ein god samling. Distriktet var representert med to tilsette. Samlinga har sentrale frivillige og tillitsvalde som målgruppe, så her må ein prøve å få betre representasjon i 2024.

BEREDSKAP NASJONALT

At Røde Kors er ein beredskapsorganisasjon og ein samfunnsstøtteaktør har vorte veldig tydleg i 2023 med innsatsen i høve «Hans» og flyktningar frå Ukraina. Nasjonalkontoret har hatt tett oppfølging av distriktskontaktane (tilsette), og deira arbeid har vore del av det å halde oversikt og koordinere.

ØVING

I 2023 er det ikkje arrangert øving. Øvinga som skulle vore i 2023 blir på Leiarsamlinga i januar i 2024.

LOKALE BEREDSKAPSPLANAR OG BEREDSKAPSKURS

Prosjekt «Heilskapleg beredskap» blei vidareført i 2023 som eit ordinert prosjekt, der alle lokalforeiningane skal ha besøk. I 2023 fekk Olden, Hyllestad, Gloppen og Sogndal besøk.

BEREDSKAPSAVTALAR MED KOMMUNANE

Status ved utgangen av 2023 er at vi framleis har beredskapsavtale med 14 av 18 kommunar i vårt distrikt, men ingen nye i 2023.

STATSFORVALTAREN OG BEREDSKAP

Dagleg leiar er fast medlem av Statsforvaltaren sitt Beredskapsråd i Vestland fylke og ivaretek våre behov og synspunkt der. Han og dagleg leiar i Hordaland Røde Kors har kvart sitt sete i rådet og samhandlar i høve Vestland fylke.

STØRRE HENDINGAR.

Ingen større hendingar i vårt distrikt i 2023, men det har vore jamleg tilsig av flyktningar som har utfordra kommunane og skapt behov for tiltak og aktivitet i distriktet.

DISTRIKTSRÅD HEIMEVERN

Ingen aktivitet for vår del i HV 09 og 11 i 2023.

Vi er representert som vara i både HV-09 (Hordaland og Sogn og Fjordane) og HV-11 (Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane), men det har ikkje vore behov for å møte.

OPPSUMMERING

2023 har vore eit roleg år for oss trass all uro som pregar Europa og den sikkerheitspolitiske situasjonen som vi òg er ein del av.

Dyrtid, usikkerheit og uføreseieleg klima har ikkje utløyst behov for å ta i bruk beredskapen i 2023, men vi merker auka uro for utviklinga og at interessa for beredskap aukar hjå lokale ledd.

Globalt er klimaendringane framleis den store saka og det har vore jobba internasjonalt med nye globale avtaler. I vårt distrikt er det merkbart med meir av alt og heilt klart styrande for vårt arbeid.

Per I. Rimmen, leiar

Steinar Grønsberg *Geir Ove Optun*

Britt Optun *Hege Anett Nygård Seljeset*

Hjelpekorps Årsmelding 2023

Distriktsrådet for hjelpekorps har vore samansett slik:
Distriktsrådsleiar Anita Kristin Vik, Stryn
Operativ leiar Are Bødal, Førde
Medlem/nestleiar Geir Ove Optun, Hafslo
Medlem Espen A. Rysjedal, Førde
Medlem Bjørn Hesjevoll Winge, Luster
Medlem Sonja M. Myrekrok, Vadheim
Varamedlem: Arne Reme, Stryn

Fagleiarar:
Instruktørleiar Margrethe Skåden, Gulen
Fagansvarleg skred Per Odd Grevsnes, Sogndal
Fagansvarleg ettersøk Arne Reme, Stryn
Fagansvarleg sjø Torbjørn Rydland Steinholm, Førde
Fagansvarleg elv Vegard Orrestad, Sogndal
Fagansvarleg samband Morten Heggestad, Hafslo
Fagansvarleg varslingssystem (CIM) Espen A. Rysjedal, Førde
Fagansvarleg drone Ola Apalset, Gloppen
Førstehjelpsansvarleg Margrethe Skåden, Gulen.
Digitalisering- og utviklingsansvarleg Are Bødal, Førde
Distriktet har ingen fagansvarleg tauredning eller transport pr. no.

Områdeleiarar:
Ytre Sogn: Operativ leiar: Ken Heine Bakke, Balestrand,
Adm. leiar: Oddgeir Indrebø, Vadheim
Indre Sogn: Ove Fortun, Luster
Nordfjord: Arne Reme, Stryn
Sunnfjord: Espen A. Rysjedal, Førde

Hovudsensorar:
Ytre Sogn: Margrethe Skåden
Nordfjord:
Indre Sogn: Linda Goldmann
Sunnfjord: Gro Haugnes

Hovudinstruktør DHLR:
Margrethe Skåden

Regionkurskomite Vest:
Margrethe Skåden
Unni Kiviranta
Are Bødal

GODKJENTE HJELPEKORPSARAR

Ved utgangen av 2023 har vi 560 godkjente hjelpekorpsarar. Dette gjer oss til landets fjerde største distrikt målt i godkjente hjelpekorpsarar.

For å vere ein godkjent hjelpekorpsar må ein ha gjennomført grunnopplæringa i hjelpekorpset med fokus på førstehjelp, samband, søk og redning. I tillegg må ein gjennom ei teoretisk og praktisk prøve kvart tredje år og ha betalt medlemskontingent.

AKSJONAR

Hjelpekorpsa i Sogn og Fjordane har delteke på 85 aksjonar etter utkalling frå Politiet sin operasjonssentral (63) og AMK (22). Det er 15 fleire enn i fjor.

AMIS-OPPDRAG

I 2023 har hjelpekorpsa delteke på 22 henteoppdrag for Helse Førde. Det er fire færre enn i 2022.

Godkjende hjelpekorpsarar



Aksjonar



Pasienttransport. Avtale med Helse Førde



Kurs og samlingar 2023

Tidspunkt	Kurs distrikt	Stad	Deltakarar
Januar	Instruktørsamling	Førde	19
	Samling for distriktet sine sminkørar	Førde	8
Februar	Dette er Røde Kors hjelpekorps	Førde	7
	Kvalifisert samband	Førde	12
	Kvalifisert søk og redning - vinter	Luster	20
Feb/mars	Kvalifisert førstehjelp	Førde	16
April	Kvalifisert søk og redning - barmark	Nesholmen	44
September	Kurs i operativ vegleiing	Førde	11
Oktober	Kvalifisert vannredning	Florø	11
November	Lagledelse søk og redning	Førde	9
	Kvalifisert tauredning	Florø	4

KURS OG SAMLINGAR I 2023

Det er mange eldsjeler som jobbar for å ha eit godt korps i sin kommune, og distriktet har satsa på gode kurstilbod og fagsamlingar for å auke og vedlikehalde kompetansen. Totalt har vi hatt 161 personar på kurs og samlingar i 2023.

I tillegg til kursaktiviteten på distrikt er det gjennomført lokale og områdevise kurs.

KVEIK: Kveik er den årlege kurshelga til distriktsnivå, og fann stad 20.-22. oktober 2023. Her samlast dei ulike korpsa til kursing, felles fagsamling, sosialisering og diskusjonar med mange nyttige innspel. Laurdagen på KVEIK hadde vi ei FORF-samling sponsa av Gjensidigestiftinga med deltaking frå Røde Kors, Norske Redningshundar, Norsk folkehjelp og Redningsselskapet. Målet med samlinga er å ha eit trygt og godt samarbeid med den sakna fokus eller når krisa råkar.

På samlinga hadde vi presentasjon av dei ulike aktørane i FORF, ei rundløype der ein fekk demonstrert og prøvd ulike postar. Det var demonstrasjon av KO-vogna til Luster, bruk av drone, bruk av hypotermi-bag, og demonstrasjon av korleis redningshundane jobbar i eit søk. Vi hadde også ein tabletop-øving. Det var totalt 78 deltakarar på denne samlinga.

VALMØTE

Valmøtet for D-rådet vart halde 25. mars på Fretheim Hotell i Flåm. Årsmelding og rekneskap for 2022 vart gjennomgått, samt handlingsprogram og budsjett for 2023.

DISTRIKTSRÅDSMØTE

D-rådet har hatt 11 møte og handsama 64 saker, mot 86 året før. Møta har for det meste vore gjennomført på Teams, men det er gjennomført eitt reint fysisk på Skei. Vi har også, saman med utvalde områdeleiarar- og fagansvarlege, fått introdusert det nye aksjonsstøtteverktøyet.

REPRESENTASJON

Distriktrådsleiar Anita K. Vik har møtt fast i distriktsstyret. Unni Kiviranta var medlem i nasjonal ressursgruppe ettersøk, fram til november. Ola Apalset er medlem i nasjonal ressursgruppe drone. Kenneth Breidablik er medlem i nasjonal ressursgruppe skred. Margrethe Skåden er med i nasjonal gruppe som reviderer førstehjelpsopplæringa (Kvalifisert førstehjelp).

Hjelpekorpset sin leiarkonferanse vart arrangert på Gardermoen i oktober, og her deltok Are Bødal, Sonja Myrekrok, Margrethe Skåden, Ingvild Ruskedal.

Felles fagsamling for ressursgruppene i Trondheim med desse frå distriktet: Are Bødal (ettersøk), Torbjørn Ryland Steinholm (sjøredning), Pål A. Dahl (drone), Ola Apalset (drone), Morten Heggestad (samband).

På skredkonferansen på Oppdal stilte vi med åtte deltakarar. Vidare deltok Per Odd Grevsnes og Kenneth Breidablik på IKAR ettermøte og Skredleiarkonferansen 18.-19. november. Skredgruppa har òg delteke på planleggingsmøte med Politi Vest.

NYE INSTRUKTØRAR

Distriktet har fått to nye instruktørar i 2023.

NYE AKSJONSLEIARAR

Distriktet har fått fire nye aksjonsleiarar i 2023.

KORPS

Det er 27 store og små hjelpekorps rundt i fylket, med frivillige som er klare til å stille på oppdrag for Politi eller kommune på kort varsel. Dette talet har vore stabilt dei siste åra og vi har stort fokus på å oppretthalde og utvikle gode korps. Korpsa er ein del av redningstenesta i Noreg og er ein svært viktig ressurs ved søk- og redningsaksjonar.

FAGOMRÅDER

Vi bur i eit distrikt med mykje og ulik natur som utfordrar oss på redning under mange forhold. For å få den naudsynte kompetansen har vi fleire område med fagansvarlege og ressursgrupper med kompetanse innan eksempelvis ettersøk, førstehjelp, sjø, elv, skred, samband, tauredning, og drone.

Ettersøk ved Arne Reme
I 2023 deltok Torbjørn Steinholm, Ingeborg Nesheim og Stian Loven på det nasjonale kurset Aksjonsledelse søk og redning (ASOR). I tillegg deltok Arne Reme i ØVLE, og Anita Kristin Vik og Unni Kiviranta var med som rettleiarar.

På hausten gjennomførte vi kurs i Lagledelse søk og redning (LSOR) i Førde.

Som del av Kveik-helga på Skei vart det gjennomført ei fagsamling i samarbeid med FORF. Samlinga hadde særs god deltaking og vi har fått gode tilbakemeldingar.

Unni Kiviranta har i 2023 vore medlem av Ressursgruppe Ettersøk (RGE)

Elveredning ved Vegard Orrestad
Vi har hatt to aksjonar med elveredningsmannskap frå Sogn og Fjordane.

Aurlandsdalen: Ei kvinne hadde havna i elva og måtte transporterast ut.

Sogndalselvi: Melding om student som forsvann i elva etter bading, stort apparat i sving for å leite etter vedkommande. Viste seg å vere falsk melding. Ingen sakna.

Sjøredning ved Espen A. Rysjedal

Kurs 2023
Det var planlagt å halde Kvalifisert Sjøredning i Aurland og Florø på vårparten. Diverre grunna utfordringar med å få nok personar i stab til desse kursa måtte vi utsette dei.

Det var då gledeleg at ein fekk gjennomført det nye kvalifisert vannredningskurset i haust i Florø, som gjorde til at vi fekk 11 nye godkjende mannskap innan vannredning i Sogn og Fjordane.

Aksjonar 2023
Det har i 2023 vore tre aksjonar med drivande båtar/kajakk, fem aksjonar som involverer Person i Vann.

Fagsamling Sjøredning
Det har ikkje vore gjennomført fagsamling sjøredning i 2023, grunna lite oppslutning dei siste åra. Dette er ynskjeleg å få gjennomført i 2024, då det har vore etterspurt.

Arbeidet gjennom året:
Det har blitt arbeidd ein del med å bistå Ressursgruppe Vannredning (RGV) med revidering av Kvalifisert Vannredning samt arbeid med å opplyse korps i Sogn og Fjordane med nye oppdateringar frå RGV, mellom anna på endringar i retningslinjer rundt arbeid på/ved sjø samt dispensasjonen frå sikkerheitskurs for båtmannskap.

Samband ved Morten Heggestad
I år har me bistått i høve montering av ny repeater på Hoven. Johnny Rustøen frå Stryn og Kjartan Urne frå Olden har stått for montering på staden, og me har bistått med informasjon rundt plassering av utstyr, søknadar, programmering av handradioar etc. Me har søkt og fått godkjent innplassering av ny repeater på Storehogen i Sogndal og Svartemyr i Høyanger. Lokasjonane er klargjort for montering av vårt utstyr. Dei nye repeaterane er ikkje montert då det har vore leveringstid på utstyr, det har tatt tid med klargjering av utstyret etter at det har vorte levert og det er ventetid hjå montørane. På Storehogen er det fordyrande og meir komplisert med montasje av utstyr vinterstid, so det er planlagt til juni når det blir tilkomst med bil. På Svartemyr blir det montering av ny repeater så fort montørane har høve, forventa januar-februar.

Me har hatt to deltakarar på VSAM-pilotkurs. Kurset gjekk frå fredags morgon til søndag ettermiddag. I ettertid av kurset har me gjort grundig evaluering, og me har bidrege med innspel og erfaring til utforming av nokre av leksjonane. Morten Heggestad deltok på fagsamling i Stjørdal. Her var det litt fagleg påfyll, besøk hjå Avinor Flysikring ved Trondheim Lufthavn og diverse diskusjonar og erfaringsutveksling mellom distriktsambandsleiarane og ressursgruppe samband. DSB var òg tilstades med to representantar frå avdeling for nødkommunikasjon.

Me har utreda ein overgang frå analog VHF til DMR (digitalt). Dette på grunn av utdatert teknologi og mangel på utstyr og kompetanse på analoge repeaternett. Andre distrikt som nyttar VHF som eit supplement til nødnett/beredskapssamband har allereie teke i bruk DMR eller er interesserte i å ta dette i bruk. Sambandsreglementet i Røde Kors er utdatert og inneheld berre regulering av analog VHF. Reglementet er under revidering for å dekke blant anna DMR, og her har me ein moglegheit til å vera med å påvirke innhaldet.

Som alltid har me bistått hjelpekorps som har hatt problem med sine nødnetterminalar. Tre terminalar har vore inne til service og ein terminal har vorte tapt og erstatta. Me har merka og fordelt 142 nye nødnetterminalar, utarbeidd diverse informasjon rundt tildelinga og dei nye terminalane. Me har og bistått nokre korps rundt spørsmål om bruk og utstyr til dei nye terminalane.

Førstehjelp ved Margrethe Skåden
Hadde samling for førstehjelpsinstruktørane laurdag 28. januar 2023. Søndag 29. januar hadde eg samling for sminkørane i distriktet.

Det var planlagt instruktørkurs NGFB og DHLR i 2023, men det blei ikkje noko av.

SOGN OG FJORDANE RØDE KORS SKREDGRUPPE

I ei tid med aukande toppturaktivitet og stadig fleire som køyrer på ski i bratt lende, har Sogn og Fjordane Røde Kors satsa på å auke kompetansen for våre mannskap.

Me ser at når me blir kalla ut, er det ofte i situasjonar der det ikkje er fly-vêr. Dermed blir skuterane våre ein viktig reiskap.

I 2023 var det første året der me fekk på plass ei operativ sjølvgåande avdeling i Sunnfjord. Frå før har me avdelingar i Sogn og Nordfjord. Per Odd Grevsnes har vore fagleiar for skredgruppa i 2023.

Me har leiarar i kvar avdeling; Kenneth Breidablik i Nordfjord, Sondre Austerheim i Sunnfjord og Per Odd Grevsnes i Sogn. Me har pr. i dag 15 godkjende fagleiarar i Sogn, 10 i Nordfjord

og 6 i Sunnfjord. I tillegg har me mange aspirantar som med ulik kompetanse er med på å auke beredskapen i vår teig. Totalt tal frivillige i Skredgruppa i Sogn og Fjordane Røde Kors er imponerande 73 personar!

Skredgruppa blir varsla via LRS gjennom skredknappen. Vidare nyttar me CIM som mannskapsutkalling. I tillegg brukar me messenger til bildedeling og raske meldingar. Me har no nødnett-terminalar til alle fagleiarane.

2023 var eit relativt roleg år for skredgruppa, men me hadde utkallingar både i Nordfjord og i Sogn.

Aksjonar
Sogn: Nystølsfjellet 24 mars
Nordfjord: 16. mars Hornindal/Volda, 12. mai Stryn - Skåla

Kursing
I Nordfjord arrangerte me vidaregåande skredredning i slutten av februar i framkant av Fagkurs skred. Skredgruppa var òg med på å arrangere redning KSOR vinter i Luster.

Øvingar
I Sogn hadde me sju øvingar ute i snøen, i Nordfjord hadde me åtte øvingar. I Sunnfjord hadde me øvingar i vintersesongen.

Skredkveld
I Sogn arrangerte me Skredkveld den 27. november med god oppslutnad (ca 350 deltakarar). I tillegg vart arrangementet streama: https://www.youtube.com/watch?v=VzkiY3zDKSc

Utdrag frå programmet: Turplanlegging - Varsom - Når alarmen går - Skredgruppa, NRH, Folkehjelpa og politiet. Skredepisoder i Sogn - Kahoot - test dine kunnskapar. Det var gratis inngang.

Skredgruppa i Sunnfjord hadde, ilag med DNT og NVE, skredkveld 17. nov. 130 stk møtte opp. Vi hadde også FORF-øving i Jølster, med ca 50 personar samla over ei helg med kursing og øving.

Representasjon
Me har delteke på Skredkonferansen på Oppdal med 8 personar. Vidare deltok Per Odd Grevsnes og Kenneth Breidablik på IKAR ettermøte og Skredleiarkonferansen 18.-19. november.
Me har og delteke på planleggingsmøter med politi vest.
Kenneth Breidablikk er og med i nasjonal ressursgruppe skred.

OMRÅDE

Indre Sogn: Ove Fortun

Årsmelding Indre Sogn 2023 Luster - Hafslo - Sogndal - Leikanger - Vik - Lærdal - Aurland. Område indre Sogn 2023 har hatt eit godt arbeidsår.

Korpsa
Det har vore god aktivitet i korpsa i område Indre Sogn. Dei fleste har øving ein gong i månaden og utfører hjelpekorps-aktivitetar .

Aksjonar
Det har vore utført omlag 30 aksjonar i område Indre Sogn i 2023. Mange av aksjonane har vore særs krevjande, og mange aksjonar har vore utført som samvirke. Alle korpsa har vore involvert i mange av aksjonane, og korps har jobba på tvers av grensene. Indre Sogn har pr i dag fem aktive som har ASOR-utdanning, noko som gjer at aksjonane vert utført på ein god måte. Det har vore særs godt oppmøte på aksjonane .

1 områdemøte. Område oppmøte
1 Teams-møte. Området
1 Teams-møte. OPS etter aksjonen i Vassbygdi
1 Teams-møte med OPS ang vinteren 2024

- Øving Vatnahalsen samt øving med Sogn og Fjordane Røde Kors der øvingsmoment var utrykkingstid frå Sogn og Voss. Dette var gjennomført i samvirke med Redningsskøyta. Vatnahalsen har stor aktivitet på toppturar.
- KFØR Førstehjelpskurs, felles bruk av lokale instruktørar vart utført på god måte, og med 28 deltakarar.

Områdeleiar vil med dette takke alle som bidreg til at området funger så bra.

Ytre Sogn:
Ken Heine Bakke (leiar) og Oddgeir Indrebø (adm)

Område ytre har hatt to områdemøte i møtelokala til Vadheim Røde Kors. Første møtet var med korpsa i ytre der det møtte åtte deltakarar. Vi gjekk igjennom den nye varslingslista, og prosedyrane frå mottak til tilbakemelding politi. Tilbakeringingsnummer til Vest politidistrikt vart òg opplyst om. Det er oppretta gruppe på messenger.

Det var planlagt kveldsøving 1. juni med fokus på oppretting av ko med fleire caser, men øvinga vart avlyst. Balestrand har 11 aktive, er på det jevne med en del vaktoppdrag. Høyanger driv og utdanner to nye medlemmer, og har ein del varekjøring og jobbar for Statkraft. Vadheim har i overkant av 40 medlemar, mange under 18 år, og som må engasjerast i vaktoppdrag, aksjoner og påskevakt.

Lavik har bevilga seg et pauseår, men stiller på aksjonar. Dei har òg samarbeid med Hyllestad som har 10 medlemmer og jobber med flyktningar. Kjartan Solheim er ny operativ. Gulen har aktiv Bark- Røff gruppe med aktivitet annankvar onsdag. Liten aktivitet i hjelpekorpset, men skal ha vakt på Utkantfestivalen. Margrethe Skåden har halde to DHLR grunnkurs for bedrift i mars og april.

27. september var det felles områdemøte med Sunnfjord og Ytre. Desse møtte: Oddgeir Indrebø, Ken Heine Bakke, Are Bødal, Espen Rysjedal, Linn Christin Fløholm, og Kjartan Solheim.

Desse møtte på Teams: Torbjørn Steinholm, Margrethe Skåden, Ole Henrik Bakke, Jan Kristian Milde, Kristian Brask Steinset, Vilde Marie Ytrehus og Sonja Myrekrok.

Utgangspunktet for møtet er meir samarbeid områda i mellom, dersom eit korps blir kalla ut skal alle i området bli

varsla, slik at korpsleiarane kan førehandsvarsle sine mannskap. Tilgjengelege aksjonsleiarar i våre område er ASOR: Are Bødal, Thorbjørn Steinholm, Sonja Myrekrok, Ingvild Ruskedal, Jan Milde. VINTER: Linn Christine Fløholm har komp., ikkje ASOR, Ken Heine Bakke, Margrethe Skåden, Pål Dahl

Det er planlagt ei større områdeøving der Kristian Steinset snakkar med Gaular kommune om eit eigna øvingsområde for atv, drone, båt m.v.

Det var ynskje om kompetanseheving på ATV, elveredning, KSAM og Sjø. Gulen har tre på KFØR i Bergen. Are Bødal informerte om skredgruppa, det blir sendt ut informasjon til dei som allereie er der, og vi oppmodar fleire om å ta kontakt.

Det vart servert pizza og kaffi på begge møta.

Sunnfjord: Espen A. Rysjedal

- Avholdt eit områdemøte i Førde våren -23, med status i kvart korps og varslingsplan. Elles god dialog på teams og andre samlingar.
- Hatt eit felles områdemøte med Ytre Sogn i Vadheim. Betre samarbeid og varsling var temaet. Diskusjon om felles områdeøving som blir i 2024.
- Deltatt med klargjering av utstyr til grunnkurshelga på Nesholmen, samt opprydding av utstyr på distriktslageret i Førde.
- Hatt rundt 10 aksjonar/helseoppdrag i eige område, samt bistått andre område.

Nordfjord: Arne Reme

Det har vore god aktivitet på korpsa i Nordfjord i 2023
Mange store og små sanitetsoppdrag, kurs og aksjonar har vorte gjennomført.

Aksjonar
I område Nordfjord har det vore 16 SAR oppdrag og to helseoppdrag. I tillegg har korpsa delteke på fem aksjonar i andre område pluss ein aksjon i Møre og Romsdal distrikt
Korpsa i Nordfjord har også vore brukt av kommunane for å sikre beredskap ved større og mindre hendingar.
Det vart i mai gjennomført en områdeøving i Stryn der mesteparten av korpsa deltok.

Anita Kristin Vik, leiar

Are Bødal *Geir Ove Optun*

Espen A. Rysjedal *Bjørn Hesjevoll Winge*

Sonja M. Myrekrok *Arne Reme*

Omsorg Årsmelding 2023

Årsmeldinga blei vedteke av d-råd omsorg 31.01.2024.

Distriktsråd omsorg har vore samansett slik:
Leiar: Arne Dale, Hyllestad
Nestleiar: Britt Optun, Hafslo
Medlem: Nina Heggenes Gjermundstad, Vadheim
Medlem: Jan W. Sande, Førde
Medlem: Gunn Fondenes, Sogndal
Medlem: Jan Børge Monsen, Bremanger (til 28.06.2023)
Varamedlem: Jorunn Selseng Aasen, Førde
Varamedlem: Ingunn Myroldhaug Skarstein, Olden

MØTE OG SAMLINGAR

Distriktsråd omsorg har avvikla åtte møte. Totalt har rådet handsama 68 saker, mellom anna om Ferie for alle, Til topps, Julegleder for barn og opplæring på omsorgsfeltet.

Distriktsrådet arrangerte valmøte for omsorg 25. mars i samband med distriktsårsmøtet 24. til 26. mars 2023. Distriktsrådet er representert i beredskapsutvalet i Sogn og Fjordane Røde Kors ved nestleiar Britt Optun, og i internasjonalt utval ved varamedlem Jorunn Selseng Aasen. Arne Dale er medlem av distriktsstyret som distriktsrådsleiar.

OPPLÆRING

I 2023 har det vorte arrangert to kurstreff for omsorgsfrivillege i Sogndal og på Nordfjordeid. Det var totalt 25 unike personar som deltok på kursa "Startkurset", "Besøksteneste-kurs", og "Førstehjelp". Nokre deltakarar gjennomførte meir enn eit kurs på same dag. I tillegg gjennomfører lokale ledd omsorgskurs kontinuerleg, med støtte frå distriktskontoret og andre.

I 2023 blei opplæringsarbeidet styrka med tilretteleggar på distriktskontoret som har hatt fokus på å gje kurstilbod lokalt, og i tett samarbeid med potensielle, lokale kurshaldarar. Det med føremål å få fleire kurshaldarar rundt om kring i heile distriktet.

I samband med Ferie for alle sommar vart det arrangert startkurs, førstehjelp og ferie for alle-kurs for alle frivillige.

FERIE FOR ALLE

Sogn og Fjordane Røde Kors arrangerer humanitære ferieleirar for familiar i utfordrande livssituasjonar. Tilbodet skal gje ei minnerik ferieoppleving, og bidra til inkludering og meistring for grupper som er utsett for å falle utanfor i samfunnet.

Mange familiar har så svak økonomi at dei ikkje har ressursar til å reise på ferie. Skiljet mellom fattig og rik er vorte større i Noreg, noko som spesielt råkar borna. Nærare 115 000 born under 18 år budde i 2019 i hushaldingar med vedvarande låginntekt. Talet aukar stadig, og i alt 11,7 prosent av alle born tilhøyre no ei låginntektshushaldning. Det er særleg hushald med svak tilknyting til arbeidsmarknaden, og som i stor grad er avhengige av overføringar, som er utsette for låginntekt (Bufdir.no per 13.01.2022). Når fleirtalet opplever stor materiell velstand, vert kvardagen desto meir utfordrande for born som fell utanfor. Ferie for alle har som mål å gje born og unge som elles ikkje ville hatt moglegheita, høve til å skape varige ferieminne saman med familien.

I 2023 la Sogn og Fjordane til rette for leiropphald for i alt 392 deltakarar. Dette var fordelt på to vinterleirar i Stryn á 4 dagar med totalt 84 deltakarar og tre sommarleirar på Haugland i Flekke over fem dagar kvar med totalt 308 deltakarar.

Behovet for dette tilbodet er stort, og det var venteliste også i år. I resten av landet er det òg fleire søkarar enn kva tilbodet klarar å dekke.

Leirsjefane i 2023, Berit F. Arntsen, Jan W. Sande og Jon Atle Sagebø-Rise, som òg har hatt rolla som ressursgruppe.

FRIVILLIGE PÅ FERIE FOR ALLE

Det er dei frivillige ferievertane som driftar leirane og legg til rette aktivitetane for deltakarane. Dei spelar ei viktig rolle i å skape trygge rammer, og bidra til inkludering og samhald mellom store og små, og mellom ulike kulturar. Dei frivillige er i alle aldrar og med ulik bakgrunn, og gjer på den måten leirane mangfaldige.

Vi hadde åtte frivillige på vinterleirane, og 45 på sommaren.

Opplæring av dei frivillige og forståing av rolla deira som frivillige i Røde Kors er eit viktig tiltak for kvalitetssikringa av leirane. Alle frivillige møtte opp søndagen før leirstart og fekk kurs i Ferie for alle og førstehjelp. Dei som ikkje hadde gjennomført Startkurs fekk dette måndagen. Det er òg krav om å vise gyldig politiattest og signere Røde Kors si etikk- og teieplikterklæring.

NATTEVANDRING

Aktiviteten er til for å skape tryggleik der ungdom er og ferdast, med spesielt fokus på diverse arrangement og aktivitet i helgane. Fleire lokale ledd har gode avtalar med samarbeidspartnarar og kommunar. Fleire stader er det god dialog med skulane, der det vert informert om aktiviteten på foreldremøta og slik rekruttert frivillige. Fleire har vore med i mange år og sikrar overlapping og at det er alltid er erfarne frivillige tilgjengeleg. I Sogn og Fjordane er det nattevandring i Aurland, Eid, Flora, Førde, Gloppen, Sogndal og Stryn.

BARNAS RØDE KORS (BARK)

I Sogn og Fjordane har BARK-laga hatt som tradisjon å fokusere på aktivitetar innan friluftsliv, førstehjelp og søk og redning, og sentralt i desse aktivitetane ligg Røde Kors sine verdiar og prinsipp. Vi har hatt aktivitetar som bidreg til meir kunnskap om den internasjonale verda vi lever i, og dei utfordringane som vi kan sjå der. Til dømes lærar borna meir om flyktningar og det å flykte. Borna har òg fått høve til å lære om ambulansetenesta, brannvesenet og politiet. Vidare har borna fått sitte i båt og gjennomført «søk» etter dokker. Barnas Røde Kors er ein aktivitet for born i alderen 6 til 12 år. I 2023 har det vore aktivitet i Gulen og Olden.

JULEGLEDER FOR BARN

Sogn og Fjordane Røde Kors har i samarbeid med lokalforeiningane, Gjensidigestiftelsen og Sparebankstiftinga delt ut gåver og opplevingar til 2 136 barn. Dette er ei stor auke frå førre år, der alle kommunar var representert. Julegleder for barn er

organisert i tett samarbeid med kommunalt hjelpeapparat som til dømes NAV, barnevern og flyktningkonsulentar for å nå dei som treng det mest- og alle kommunar i fylket vart dekt. Distriktsrådet ynskjer å takke lokalforeiningane i fylket for framifrå innsats med gjennomføringa.

BESØKSTENESTA

Besøkstenesta er den største omsorgsaktiviteten i Sogn og Fjordane Røde Kors. Heile 23 av 26 lokalforeiningar tilbyr denne aktiviteten, og det er i overkant av 630 frivillige fordelt over heile fylket. Besøkstenesta har eit mangfald av aktivitetar, med mellom anna bingo, musikk og dans, trimturar, «bok på døra», felles middagar og pensjonistturar.

Lokalforeiningane har gjort ein veldig god jobb med å oppdatere frivillegtal i Diba i løpet av året og den digitale kompetansen er i stadig i betring.

I desember ynskte Sogn og Fjordane Røde Kors å støtte lokale ledd, og gav tilbod om «Førjulsglede for eldre», der lokale besøkstenester fekk økonomisk støtte til å dele ut blomehelsing eller liknande til målgruppa. 14 lokale ledd nytta seg av tilbodet.

Distriktsråd omsorg ynskjer å gje honnør til besøkstenestene for innsatsen dei har lagt ned.

BESØKSTENESTE UNG

Besøksteneste ung er eit prosjekt som vart vedteke starta våren 2020. Målet er å redusere einsemd blant eldre og ungdom ved å engasjere fleire unge til å bli humanitære ressursar i Røde Kors for både unge og eldre. Det skal skje gjennom å starte opp «besøksteneste ung»-grupper i lokalforeiningar i Sogn og Fjordane.

Bakgrunnen for prosjektet er at eldre som bur åleine, ofte opplever einsemd. Å få besøk frå besøksvenner i Røde Kors bidreg til å redusere denne einsemda. Einsemd er òg eit stort problem hjå ungdommen, særleg ungdom som er nytilflytta og skal til med studium eller ny jobb. Oppretting av «besøksteneste ung» (heretter BTU) har som føremål å dekke begge desse behova, ved å engasjere ungdom inn som besøksvenner i Røde Kors.

I dag er det få ungdommar som er engasjerte i den ordinære besøkstenesta i Sogn og Fjordane. Målet er at dei unge besøksvennene skal bygge eit fellesskap med kvarandre, og saman tileigne seg kunnskap, kompetanse og tryggleik i arbeidet med eldre. Denne tryggleiken vil kunne bidra til at ungdommen etter kvart engasjerer seg inn i den ordinære besøkstenesta.

I 2023 har det vore aktivitet i Førde Røde Kors. Prosjektet «Besøksteneste ung» blei avslutta i januar 2023, med sluttrapport levert på hausten. Både Førde Røde Kors og distriktet har vedteke at Besøksteneste ung er eit godt og viktig tilbod, og at det skal inngå i aktivitetsporteføljen til distriktet.

NETTVERKSARBEID

Nettverksarbeid er eit tilbod til menneske som ynskjer auka sosial kontakt og moglegheit til å byggje sosiale nettverk. To lokalforeiningar i distriktet driv denne aktiviteten. Førde Røde Kors samarbeider med Mental Helse om nettverksarbeidet «Møteplassen». Annankvar torsdag har dei aktivitet som bingo og servering av heimebakst og frukt i kantina på Røde Kors-bygget. Sogndal Røde Kors arrangerer «Møteplass kafé» annakvar veke i nært samarbeid med kommunen si psykiatriteneste, Frisklivssentralen og frivilligsentralen. Dei har servering og kjekke aktivitetar som kviss, underhaldning og juleavslutning.

VISITORTENESTA

Visitortenesta er eit tilbod der frivillige vitjar innsette i fengsel. Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har eit samarbeid knytt til tilsettressursar, der målet har vore å ha ein tilsett som får ein større stilling med ansvar for vistortenesta, og med det høve til å tileigne seg meir kunnskap og kompetanse til å følgje opp visitortenesta i dei respektive distrikta. Det er tilsett i Bergen Røde Kors som følgjer opp visitortenesta i Vik. Tilretteleggar i Sogn og Fjordane har dialog med tilsett i Bergen Røde Kors om dette ved behov.

VITNESTØTTE

Vitnestøttene er frivillige som gir viktig medmenneskeleg støtte og praktisk informasjon til vitna i tingretten. Førde Røde Kors tilbyr denne aktiviteten i nært samarbeid med Sogn og Fjordane tingrett.

MIGRASJON OG FLEIRKULTUR

2023 har vore nok eit år med godt fokus på migrasjonsarbeid. Vi har gjennomført den femte utgåva av Til topps på distriktsnivå, og fleire lokalforeiningar har arrangert eigne lokale familiedagar for barnefamiliar i målgruppa. Røde Kors-foreiningane har jobba godt for å møte behova, og fokuset har vore å sørge for at dei gode aktivitetane har vorte tilgjengelege for målgruppa. Målgruppa for aktivitetane våre har vorte større ettersom det er kome mange Ukrainske flyktningar. Nye aktivitetar har vorte til og vi ser at endå fleire er planlagt for 2024.

Aktivitet	Tal	Lokalforeiningar
Møteplassar	8	Aurland, Eid, Flora, Førde, Lærdal, Sogndal, Årdal, Gloppen
Til topps	3	Eid, Sogndal, Gloppen
Lokale familiedagar	8	Aurland, Eid, Luster, Sogndal, Balestrand, Stryn Førde, Flora
Andre migrasjonsaktivitetar	4	Førde, Sogndal, Vik, Hyllestad
Aktivitet i asylmottak	1	Flora
Flyktningguide	3	Lærdal, Hyllestad, Gloppen

MØTEPLASSAR

Det er åtte lokalforeiningar som har hatt ei form for sosial møteplass. Dette er ein migrasjons-aktivitet som har stått sterk i distriktet over lang tid. Terskelen for å møte opp på desse møteplassane skal vere låg, og det er ynskjeleg at både etnisk norske

og migrantar møter opp. Hovudføremålet er at migrantane skal få trening i å snakke norsk på ein uformell arena samstundes som dei vert kjende med andre lokalt.

TIL TOPPS

I 2023 gjennomførte vi det femte Til Topps-arrangementet på distriktsnivå i Sogn og Fjordane. Målet for turen var Svinestranda i Gloppen. Vi nytta tre bussar som tok turen den 17. juni. Til saman deltok 116 deltakarar og frivillige frå tre lokalforeiningar. For fyste gong hadde vi og eit barnevennleg alternativ slik at også mindre barn og barnefamiliar kunne bli med på arrangementet. Om lag halvparten gjekk topptur og den andre halvparten gjekk ein kortare tur i Trivselsskogen. Dagen vart avslutta med grillmat i nydeleg ver.

LOKALE FAMILIEDAGAR

Som alternativ til distriktsarrangementet "Til Topps" oppmoda distriktet lokalforeiningane til å arrangere lokale familiedagar. Dette var femte året distriktet har gjeve støtte til slike arrangement. I 2023 var det åtte lokalforeiningar som gjennomførte eit slikt arrangement, og til saman deltok kring 500 deltakarar og frivillige, noko som er ny rekord.

ANDRE MIGRASJONSAKTIVITETAR

I 2023 har fleire lokalforeiningar halde fram med satsingar på ulike prosjekt for å fremje integrering. Mellom anna har det vore handarbeidsgrupper, symjetrening for innvandrarkvinner samt kledeinnsamling, utfluktar og anna enkeltståande arrangement.

AKTIVITET I ASYLMOTTAK

Flora Røde Kors har i 2023 halde fram med aktivitet for bebuarene på Solbakken asylmottak. Det vart arrangert ulike møteplassar, samt diverse utfluktar.

HELSEPROSJEKT SOLBAKKEN

I 2023 starta Flora Røde Kors, Sogn og Fjordane Røde kors og Norges Røde kors opp eit prosjekt for dei papirlause flyktningane på Solbakken asylmottak, ein av dei aller mest sårbare gruppene i Noreg. I løpet av året har dei fått auka tilgang til helsehjelp, periodekort på buss, julegåve (gåvekort) og matkassar til jul. Prosjektet fortset sitt arbeid også i 2024.

Arne Dale, leiar

Britt Optun *Nina Heggenes Gjermundstad*

Jan W. Sande *Gunn Fondenes*

Jorunn Selseng Aasen *Ingunn M. Skarstein*

Ungdom Årsmelding 2023

Distriktsråd for Røde Kors Ung har vore samansett slik i perioden:
Leiar: Marte Heggestad, Luster
Nestleiar: Hege Anett Nygård Seljeset, Eid
Medlem: Sunniva Fjeldstad Buset, Svelgen-Bremanger

Rådet har hatt sju møte og handsama 58 saker i 2023. Distriktsrådet har hatt mange uformelle arbeidsmøte der dei har jobba med fylkestreff og andre arrangement.

Distriktsrådet har vore representert på alle viktige samlingar som leiarsamling, distriktsårsmøte, Kveik og ulike nasjonale arrangement.

Marte Heggestad har representert distriktsrådet i distriktsstyret. Sunniva Fjeldstad Buset har representert distriktsrådet i internasjonalt utval. Hege Anett Nygård Seljeset har representert distriktsrådet i beredskapsutvalet.

VALMØTE

Valmøtet for distriktsrådet vart halde laurdag 25. mars i samband med distriktsårsmøtet 24. til 26. mars 2023. Ariel Espevoll frå landsråd ungdom var gjest på valmøte og årsmøtet.

RØDE KORS-FYLKESTREFF

Distriktsrådet arrangerte to fylkestreff i 2023. Første fylkestreff blei arrangert på Nesholmen 10. til 12. mars med 24 deltakarar og 12 frivillige. Det andre fylkestreffet blei arrangert på Lyngmo leirstad i Luster 15. til 17. september med 52 deltakar og 11 frivillige. Georgia Røde Kors var representert med 7 ungdommar som del av distriktssamarbeidet Sogn og Fjordane Røde Kors har med dei.

På fylkestreffet på Lyngmo hadde vi besøk av brannvesenet, politiet, ambulanse, sivilforsvaret og vassredningsgruppa til Røde Kors. Ungdommane fekk god kjennskap til dei ulike beredskapsinstitusjonane og utstyret dei har med seg på oppdrag. Det var bading, bållaging, naturoverleving, kano, båt m.m.

FRIVILLIGTREFF

Distriktsrådet arrangerte Frivilligtreff på Jølstraholmen 14.-15. januar med ni deltakarar. To frå Telemark deltok og seks deltakarar frå distriktet.

VESTLANDSSAMLINGA FOR RØDE KORS UNGDOM

Sidan 2019 har Røde Kors Ungdom i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland arrangert ei vestlandssamling for tillitsvalde. Det er i all hovudsak dei respektive distriktsråda som møter. I 2023 var det Hordaland Røde Kors som stod som arrangør. Vestlandssamlinga blei arrangert i Bergen 29. september-1. oktober. Ingen frå Sogn og Fjordane kunne delta i 2023.

NASJONALT ÅRSMØTE RØDE KORS UNGDOM (ÅRKU)

Årsmøte til Røde Kors Ungdom blei arrangert 27.-29. oktober. Møtet blei arrangert på Quality Hotel Leangkollen i Asker.

Delegatar frå oss: Marte Heggestad og Hege Anett Nygård Seljeset (distriktsråd) og Christine Karin Wendel, Fjaler (RKNUWC) (lokalråd). To observatørar: Noah Marcus Christensen, Fjaler (RKNUWC), samt Siv Merethe Hatlem, tilretteleggjar distriktskontor.

Delegasjonen hadde felles møte i lag med delegasjonane frå Hordaland Røde Kors Ungdom og Rogaland Røde Kors Ungdom. Dei var aktive i debatten og tok ordet fleire gongar i lag med representantar frå Hordaland og Rogaland.

Distriktet vann Henry-pris for årets beredsskapsinnsats og Marte Heggestad vart valgt inn i landsrådet.

RØFF

I 2023 har vi hatt RØFF-aktivitet i Svelgen-Bremanger, Gulen, Eid og Lærdal. Det er og blitt jobba aktivt med å støtte og rådgje andre lokalforeiningar som ynskjer å starte opp aktivitet.

RØFF har aktivitetar innan friluftsliv og førstehjelp, med fokus på å gjere ungdomar trygge på seg sjølv og gje dei erfaring med å ta ansvar. Prinsippa til Røde Kors står sentralt i aktivitetane som òg er gratis for deltakarane. Kjekke opplevingar i lag står sentralt hos RØFF, og lokalt er det gjennomført mange ulike aktivitetar som fjellturar, kursing av ungdommen, overnattingar, matlaging utandørs, bruk av naturen og rydding av plast.

Marte Heggestad, leiar

Hege Anett Nygård Seljeset *Sunniva Fjeldstad Buset*

Internasjonalt utval Årsmelding 2023

Internasjonalt utval har vore samansett slik:
Leiar Agnar Aas, Aurland
Einar Målsnes, Balestrand
Per Kristian Storevik, distriktsstyret/Stryn
Jorunn Selseng Aasen, distriktsråd omsorg/Førde
Nina Gjermundstad, vara distriktsråd omsorg/Høyanger
Sonja Molvik Myrekrok, distriktsråd hjelpekorps/Vadheim
Sunniva Fjellstad Buset, distriktsråd ungdom/Svelgen-Bremanger
Jostein Vedvik, vara distriktsråd ungdom/Førde

Utvalet har hatt fem møte i 2023 og behandla 30 saker.

Internasjonalt distriktssamarbeid med Georgia Røde Kors (2020-2023)

Valet av nytt internasjonalt distriktssamarbeid (Twinning-prosjekt) fall på Georgia Røde Kors, etter vedtak på distriktsårsmøtet i 2019, og avtala vart stadfesta i 2020 med tre år og slik synkronisert med avtalen nasjonalkontoret også har med Georgia Røde Kors.

Dette Twinning-prosjektet er eit formelt samarbeid mellom Sogn og Fjordane Røde Kors og Georgia Røde Kors, men gjeld seks lokalforeiningar i Georgia: Kutaisi, Khulo, Batumi, Borjumi, Chokatauri og Ozurgeti. Blant desse er det både by- og bygdeby foreiningar, og det er stor variasjon i storleik og ressursar. På reisa vår i februar 2019 besøkte vi alle dei seks lokale ledda, og fekk eit godt inntrykk av kva dei står i.

2023 – FOKUS PÅ UNGDOMSUTVEKSLING

Det kom på plass ny Europa-koordinator for distriktssamarbeid nasjonalt (Celine Blom) tidleg i 2023, og året har vore prega av at nasjonalkontoret skulle finne ut av strategi, budsjett og re-etablering av kontaktnett for distriktssamarbeid for å få alle distrikta med. Nasjonalkontoret sine partner-avtalar går ut i 2024 og med krig i Ukraina har det vore krevjande å finne ein god veg vidare. Russland, og også Belarus, som er alliert til Russland har vore ein partner, men framstår no som uaktuell i høve fornying. Det er også dukka opp varslingssaker i nokre partner-land som har teke tid og fokus. Vi har opplevd at det teke mykje merksemd på nasjonalkontoret, og fokus hjå dei og oss har vore ulikt.

11.-13.april var det møter i Oslo med Georgia Røde Kors, Nasjonalkontoret, Sør-Trøndelag og Sogn og Fjordane Røde Kors som i hovudsak handla om fornying av avtaler for tre nye år frå 2024 til 2026. Det var gode møter og vi vart samde om å få til ungdomsutveksling i 2023.

15.-17.september kom det seks ungdomar frå Georgia og tok del i RØFF Fylkestreff 2023. Mariam kom ei veke i forvegen og var med på å planla fylkestreffet, og informerte og førebudde ungdomane frå Georgia. Treffet var særs vellukka og fokus var tema på friluftsliv og førstehjelp med alle naudetatar til stades. Nasjonalkontoret støtta tiltaket økonomisk.

Budsjettet er på kr. 250 000,- pr. år og har vore det sidan starten. Georgia Røde Kors disponerer halvparten til å støtte lokale ungdomsretta tiltak, og resten går til reise og utveksling mellom SFRK og Georgia RK.

Årsrapporten 2023 frå Georgia Røde Kors er det tydeleg at samarbeidet har bidrege til stor aktivitet. Heimebesøk der dei har delt ut hygienepakker og aktivt jobba for å motverke einsemd er eit døme. Styrking av førstehjelpskompetanse og beredskap i kraft av små lokale prosjekt er eit anna døme. Vidare har dei arrangert førstehjelpsøvingar i alle dei seks lokalforeiningane vi samarbeider med. Dei har òg fått trykt og distribuert brosjyre og undervisningsmateriell for førstehjelp.

Sosiale media bekrefter inntrykket vi har fått av at våre venner i Georgia Røde Kors har jobba godt i 2023.

Agnar Aas, leiar *Einar Målsnes*

Per Kristian Storevik *Jorunn Selseng Aasen*

Sonja Molvik Myrekrok *Sunniva Fjellstad Buset*

Humanitært påverknadsarbeid

Synlegheit bidreg til nye frivillige, medlemmar, sponsorar, samarbeidsmogelegheit med offentlege og private aktørar, og kanskje aller viktigast – at tilboda vert synlege for dei som treng dei. Arbeid med synlegheit styrkar vår evne til å hjelpe og er ein sentral del av det å drive humanitært arbeid. Kommunikasjon i sosiale medium er ein del av vårt hjelpearbeid. I sosiale medium kan vi spre kunnskap, engasjere og aktivere våre målgrupper i spørsmål om humanitet og medmenneskelegheit.

SYKKELPILOTANE GJEKK VIRALT

Gjennom året har det vore fokus på å skape innhald til våre ulike digitale flater. Spesielt har videoane vi har produsert engasjert mange. Dei fem innlegga som har best rekkevidde på Facebook og Instagram i 2023 er videoar. Videoen om Sykkelpilotane i Sogndal strekte seg langt utover vårt distrikt og nådde over 300 000 personar. Dette har bidrege til at vi i 2023 har nådd ut til over fire gangar så mange som i 2022. Det er på Facebook vi når flest, men på Instagram når vi i større grad dei yngre.

Ei av storsatsingane har over nokre år vore portrett av frivillige som er publisert kvar fredag. I desember henta vi også fram eit frivilligportrett kvar dag fram til jul. Desse er lest og delt av mange.

Mykje av innhaldet produsert av distriktet, er brukt av nasjonalkontoret og nådd ut til mange via Noregs Røde Kors sine digitale flater.

Det er publisert 17 nyheitssaker på nettsida vår i 2023. Trafikken på nettsidene har auka, men det er mest fordi vår artikkel om Korsveien dukkar opp som nummer to ved søk på Korsveien i Google.

LOKALT SYNLEGHEITSARBEID

Det å styrke lokale krefter til å kommunisere lokalt er viktig for å nå ut til fleire og for å vere synlege i alle delar av distriktet. Gjennom 2023 har vi halde fram med månadlege SoMe-treff på Teams med SoMe-laget.

SoMe-laget har 18 medlemmer, men deltakarane har vore ein handfull gjengangarar. Dei som har vore mest aktive, har styrka si synlegheit gjennom Facebook, og ser ut til å ha ei bra auke i både publikum og respons på sine innlegg.

20 lokalforeiningar er på Facebook og er meir eller mindre synlege der. Ein del lokalforeiningar har også byrja å nytte Instagram. 11 lokalforeiningar har Instagram-profil enten for lokalforeininga eller hjelpekorpset. I 2023 har fleire lokalforeiningar vorte «kasta ut av Facebook». Etter mykje arbeid og hjelp frå Nasjonalkontoret har dei fleste lokalforeiningane kome seg innatt på Facebook. Dette syner at det er lurt å vere på fleire flater samstundes.

Mediestatistikk. Talet medieomtale er litt under eit snitt-år for Sogn og Fjordane Røde Kors, med 985 registreringar. Om vi samanliknar med andre distrikt er dette gode tal.

Oppsummert er det grunnlag for å sei at Røde Kors i Sogn og Fjordane er ein synleg organisasjon, der innbyggarane vanskeleg kan unngå å legge merke til mykje av arbeidet vårt. Det å vise fram innsats og behov vert rekna som nyttig og positivt. Dei som lykkast, vil ofte erfare at dei hamnar i ein positiv spiral, der frivillige, sponsorarar, medlemmer og samarbeidspartar og deltakarar lettare kjem til.

Trafikk på nettsidene



Røde Kors nemnde i media Sogn og Fjordane (inkl. annonsar)



Følgjarar på Facebook SFRK



Følgjarar på SFRK Instagram



Auka lokal kapasitet; rekruttering og medlemspleie

HISTORIA

I 2020 starta distriktet ei satsing på rekruttering av medlemmer og frivillige i samarbeid med lokale ledd. Hovudmålsettinga var å snu ein vedvarande negativ medlemsutvikling. Utan tiltak stod Sogn og Fjordane Røde Kors i fare for å droppe under 5000 betalande medlemmar for første gang i moderne tid. Vidare var det ei målsetting å halde talet frivillige stabilt, og etter kvart auke dette, om behova skulle tilsei det.

Å oppnå ei positiv medlemsutvikling er ei oppgåve som kort fortalt kan delast i to.

- Avgrense fråfallet av eksisterande medlemmer.
- Auke tilfanget av nye medlemmer gjennom ulike tilnærmingar til verving.

Systematisk og målretta arbeid i mange lokalforeiningar bidrog til gode resultat frå starten. Vi noterte ein svak nedgang på distriktsnivå også i 2020, men vi heldt oss over det magiske talet; 5000.

I 2021 snudde det, og i løpet av dei to neste åra auka medlemsmassen med over 5%, frå 5147 til 5406 betalande medlemmer. Dette i ein periode der medlemstala sokk nasjonalt.

Spørsmålet var: kunne vi levere ein auke også i 2023 – for tredje året på rad?

2023

26 av 26 lokalforeiningar har, i samarbeid med distriktet, gjennomførte tiltak med mål om å auke eller stabilisere medlemstalet lokalt. Anten gjennom målretta rekruttering av nye medlemmer, eller gjennom god medlemspleie. Spesielt hyggeleg er det at Jølster Røde Kors, som siste lokalforeining, no er ein del av prosjektet, og at ein del av dei prosessane som er sett i verk gjennom dei tre siste åra, etter kvart er ein del av kvardagen lokalt.

I oktober inviterte distriktsstyret lokale ledd til å delta i ein medlemsvervekonkurranse – for andre året på rad. Fjorårets konkurranse vart ein ubetinga suksess, og resulterte i over 350 nye medlemskap. Årets konkurranse tok ikkje av på same måte, men 140 nye medlemskapar er bra.

Svelgen-Bremanger Røde Kors verva 31 nye medlemmer og vann med det kategorien «flest nye medlemmer». Luster Røde Kors tok andreplassen. Balestrand Røde Kors noterte ein vekst på nærare 19 % og vann dermed kategorien «høgst prosentvis vekst», framfor Lærdal Røde Kors.

RESULTAT

Var dette nok til å nå målsettinga? Leverte vi ein auke i betalande medlemmer også i 2023? Svaret er: JA!

Betalande medlemer



Pr. 31.12.23 hadde distriktet 5674 betalande medlemmar, mot 5406 i 2022. Ikkje berre nådde vi primærmålsettinga om å utlikne fjoråret, vi klarte også sekundærmålsettinga som var 5600 betalande medlemmer ved utgangen av 2023. Det betyr ei auke på 5 % i år, og 10 % på tre år.

I løpet av 2023 registrerte vi 583 nye medlemskap i distriktet. 53 av desse var såkalla gjevarmedlemmer. Det vil sei at resterande 530 fall inn under nasjonal indikator «medlemmer verva av lokalforeiningar». Målet var 580.

I 2023 leverte 16 av distriktets 26 lokalforeiningar grøne tal. Dette er ein oppgang frå 13 året før. Ingen lokalforeiningar opplevde dramatisk tilbakegang. Tvert om. Dei ti andre hadde ein gjennomsnittleg nedgong tilbakegang på 3 medlemmer.

Sjølv om distriktet sin framgang er resultat av ein felles innsats mot eit felles mål, bør det vere rom for å trekke fram nokon enkeltsaker/nøkkeltal.

- Sogndal Røde Kors er med sine 476 betalande medlemmer distriktet sin største lokalforeining målt i relative tal.
- Aurland Røde Kors er største lokalforeining i høve befolkningsgrunnlag med 17,1 %. Fire andre lokalforeiningar er medlem av 10 %-klubben. (Olden, Balestrand, Vikane og Askvoll).
- Fjaler Røde Kors har auka frå 103 til 192 betalande medlemmer som følgje av at førsteårsstudentane ved UWC no står som medlem i Røde Kors.

For 2024 er målet å følgje opp og vidareutvikle det arbeidet og dei prosessane som har fungert så langt – og levere grøne tal for fjerde året på rad.

Opplæring og ettersamtale

Opplæring legg grunnlaget for all aktivitet i distriktet. Gjennom året bidreg gode og trygge kurshaldarar og instruktørar til at nye og gamle frivillige får kunnskap til å delta i våre aktivitetar. Kurshaldarane og instruktørane gjev viktig kunnskap om den aktuelle aktiviteten og korleis vi kan gje upartisk humanitær hjelp i både akutte kriser og til menneske i sårbare situasjonar.

KURSAKTIVITET

Gjennom året har vi hatt 440 kursdeltakarar fordelt på 46 kurs. Dette er ein nedgang frå i fjor, men det kan skuldast at mange hadde kurs dei måtte ta etter nokre år med pandemi.

KURSHALDARAR

Røde Kors-skolen har gjennomført fleire digitale kurs – både pedagogikk og kurshaldarkurs. Digitalt pedagogikkurs har vore arrangert to gongar i 2023. Her har vi hatt tre frivillige som har deltatt og fått godkjent. I tillegg har fleire unge frivillige debutert som kurshaldarar i psykososial førstehjelp. Svært gledeleg at fleire ynskjer kompetanse på dette feltet og at fleire ynskjer å dele av sin kunnskap. Psykososial førstehjelp har vore i fokus nasjonalt også i 2023. Tal kurshaldarar og instruktørar aukar stadig.

SAMLINGAR

Gjennom året har det vore arrangert kurstreff og samlingar. Nordfjord og Sogn hadde kurstreff innan omsorg, førstehjelpsinstruktørane har sine samlingar, hjelpekorpset har gjennomført sine faste kurs, og ungdom har sine treff med kursing og samhaldsbygging. Dette er viktig for å bygge kompetanse i organisasjonen.

MÅL FOR 2024

Målet for 2024 er å få samla alle kurshaldarane årleg. Det vil difor bli arrangert kurshaldarsamlingar slik at samhald og erfaringsdeling kan gje auka kunnskap. Vi håpar også å få fleire gode kurshaldarar som kan halde omsorgskurs. Det treng vi.

ETTERSAMTALE

Etter nokre krevjande aksjonar for hjelpekorpset i sommar vart det sett fokus på behovet for ettersamtale.

Som eit resultat av dette fekk vi på tampen av året reetablert ei ressursgruppe ettersamtale. I denne gruppa sit Helge Stølen (Luster RK), Anita Theodora Leirvåg Nielsen (Jølster RK), Hans Andenæs (Gloppen RK) og Vilde Marie Ytrehus Solemdal (Førde RK). Martine Viken er kontaktperson på distriktskontoret. Dette er eit tilbod for alle frivillige i organisasjonen og det er viktig at tilbodet vert brukt når det er behov for det.

I løpet av 2023 vart det gjennomført åtte ettersamtaler i distriktet. Dette viser at det er eit behov for tilbodet.

Målet for 2024 er at det tilbodet om ettersamtale vert godt kjent i distriktet og at terskelen vert låg for å ta kontakt. Tilbodet er for alle frivillige – hjelpekorps, ungdom og omsorg. Vi ynskjer at våre frivillige skal vere med lengst mogleg og dersom ein opplever noko vanskelege eller utfordrande, kan ein ta kontakt og få hjelp. Våre ettersamtaleleiarar er dyktige og ynskjer å hjelpe.

Digitalisering og personvern

DET DIGITALE RØDE KORS

Frivillige i Sogn og Fjordane Røde Kors har verkeleg byrja å ta i bruk Røde Kors sine verktøy og system i løpet av 2023. Det er fleire lokalforeiningar som berre brukar rodekors.org e-post til det som gjeld Røde Kors og det er fleire lokalforeiningar som brukar lagringsromma som er tilbod om gjennom Korsveien. Håpet er at gjennom samhandling og deling vil dette påverke andre og fleire lokalforeiningar i distriktet vårt.

Ved utgang av 2023 starta Røde Kors med ein av dei største digitalvaskane som nokon gong har blitt gjort i organisasjonen. Når denne ryddinga er fullført, tidleg i 2024, vil alt av data bli overført til eit nytt system som igjen vil auke moglegheitene Røde Kors har til å lage, levere og tilby ulike digitale verktøy til våre frivillige. Håpet er at denne ryddinga og overføringa til nytt system vil gjere det lettare å bli og å vere frivillig i Røde Kors!

Mange lokalforeiningar har tatt kontakt om rydding i frivilliglister, og for å få ei innføring i korleis systema våre fungerer. Alle som har spurt har fått bistand, anten digitalt eller fysisk. Det har vore veldig gjevande at så mange har møtt opp på opplæringa og at det er mange som reiser derfrå med ei «aha»-oppleving og eit smil om munnen.

Kurs og opplæring i digitale verktøy i Røde Kors har funne stad her:

Stad	Tidspunkt
Vadheim Røde Kors Hjelpekorps	februar 2023
Stryn Røde Kors	februar 2023
Distriktsråd omsorg	april 2023
Hafslo Røde Kors Omsorg	april 2023
Jølster Røde Kors	mai 2023
Hyllestad Røde Kors	mai 2023
Sogndal Røde Kors	september 2023
Eid Røde Kors	oktober 2023
Kveik	oktober 2023

Ein ser i grafen til høgre at det er ei auke på omtrent eitt hundre Office 365- lisensar pr. år sidan 2021, noko som er eit teikn på auka bruk av Røde Kors sine system. Frivillige har tilgang til online-versjonen av Word, PowerPoint og Excel, det vil seie at ein kan til dømes redigere eit Word-dokument i nettlesaren.

Frivillige med verv (lokalt, i distrikt eller sentralt) eller med rolla «aktivitetsleder», «gruppeleder», «tilrettelegger lokal aktivitet», «administrativ tilrettelegger lokal aktivitet» eller «medlem ressursgruppe landsråd hjelpekorps» får i tillegg til Office 365-lisens ein e-postkonto. For fyrste gang har over 100 frivillige i vårt distrikt jamnleg nytta e-post kontoen sin.

Det er framleis ulike utfordringar med dei ulike digitale systema i Røde Kors, men framgang finnast og tilbakemeldingane frå frivillige og medlemmer er gode. Mitt Røde Kors er lansert og utviklinga av dette går for fullt. Lokalforeiningar frå Sogn og Fjordane er med på testinga av dette og tilretteleggjar digitalisering er involvert i dette arbeidet.

Frivillige i Sogn og Fjordane m/ Office 365-lisens, pr. 31.12.



Frivillige i Sogn og Fjordane med verv/rolle som har brukt xxx.xxx@rodekors.org adresse si



PERSONVERN

I takt med digitaliseringa blir arbeidet med personvern i Røde Kors stadig viktigare. Å handsame personopplysningar digitalt kan innebere større risiko dersom ein opptrer aktlaust, men det kan òg redusere risiko dersom ein følgjer gode rutinar og retningslinjer. Når informasjonen blir lagra og handtert i datasystem Røde Kors har kontroll på, gir det organisasjonen høve til å halde oversikt og orden i at reglar og lovkrav blir følgde, og at berre rette vedkomande får tilgang til gitte opplysningar. Bruk av Korsveien og lagringsmoglegheitene der vil bidra til tryggheit for lokalforeiningane.

Som følgje av personopplysningslova har heile Norges Røde Kors arbeidd med å lage rutinar og grunnlagsdokumentasjon som skal gjere organisasjonen i stand til å verke i samsvar med lova på alle nivå. Dette arbeidet går kontinuerleg, og vil måtte halde fram. Alle distrikt har utnemnt eigen personvernkoordinator (hjå oss er det Tom James som har rolla), som samarbeider med personvernombodet på nasjonalkontoret. Rydding i frivilliglister er ein del av personvernarbeidet og lokalforeiningane lyt gje seg ein klapp på skulder for det gode arbeidet som er gjort og skal gjerast tidleg i 2024.

Personvernarbeidet vil ikkje ta slutt når den naudsynte dokumentasjonen er på plass. Å sjå til at vi handsamar personopplysningar i tråd med eit nytt og strengare lovverk, vil måtte vere ein del av det daglege arbeidet i overskodeleg framtid. Det treng ikkje innebere utilbørlege mengder ekstraarbeid; godt personvern handlar vel så mykje om å gjere rett dei tinga ein allereie gjer, heller enn å gjere mykje ekstra. Organisasjonar som gjer det riktig, vil spare seg store omdømmetap og økonomiske gebyr for regelbrot, og vil legge grunnlaget for ei framtidsretta drift i ein digital tidsalder.

Årsmøte og samlingar

LEIARSAMLINGA 2023

14. januar 2023, etter to år med digitale løysingar, kunne leiarsamlinga endeleg arrangerast som ei fysisk samling igjen, og åstad for den store hendinga var Thon Hotel Jølster på Skei. 61 deltakarar, fordelt på 31 lokalt tillitsvalde, 19 tillitsvalde på distrikt og 11 gjestar/tilsette på samlinga. 21 lokalforeiningar var representert.

Hovudtema for samlinga var «kva kan frivillige leiarar vente av kvarandre». I tillegg stod ei økt om dei nasjonale satsingane på førstehjelp og digitalisering, og ei orientering om rekneskapstenesta i Røde Kors på planen. Størst spenning var likevel knytt til hovudtalaren på leiarsamlinga, vår nye generalsekretær, Anne Bergh.

Distriktsleiar Synøve Sande opna arrangementet og dagleg leiar Dag Hovland presenterte agendaen, før Anne Bergh fekk ordet. Ein engasjert generalsekretær fortalde om sitt langvarige forhold til Røde Kors og om sine visjonar for organisasjonen – til applaus frå salen.

Arbeidet med hovudtema for samlinga vart leia av Synøve Sande og nestleiar Jon-Atle Sagebø Riise. Etter ei innleiing om forventningar knytt til den som tek på seg leiarverv i Røde Kors, vart deltakarane delt inn i grupper og oppmoda om å diskutere kva frivillige leiarar kan, og bør forvente av kvarandre. Gode diskusjonar vart avslutta med presentasjon av gruppene sine konklusjonar i plenum.

Etter ei lunsjpause orienterte Jone Lyster, leiar ved rekneskapssenteret i Stavanger, om rekneskap i Røde Kors, og tilbodet deira om å føre rekneskap for lokale ledd. Dette er eit tilbod nokre lokalforeiningar nyt godt av allereie, men bodskapet var at det er plass til fleire.

Pål A. Dahl og Thomas James ved distriktskontoret orienterte så om status på dei nasjonale satsingane på førstehjelp og digitalisering, før leiarar for dei respektive d-råda orienterte om planar og prioriteringar for 2023.

Samlinga vart avslutta med aktuelle tema, der dagleg leiar gjorde greie for god praksis for førebuing til lokale årsmøte, distriktsårsmøte og landsmøtet. Rune Rajendram ved distriktskontoret presenterte resultatet av medlemsvervekonkurransen arrangert i oktober 2022, der 10 lokalforeiningar verva nær 400 nye medlemmer til saman. Askvoll Røde Kors og Selje Røde Kors vann kvar si kategori, med Aurland Røde Kors og Hyllestad Røde Kors på ein stødig andreplass.

Distriktsleiar avslutta ei vellukka samling klokka 1530 og takka for god og aktiv deltaking.

DISTRIKTSÅRSMØTET 2023

Årsmøtet i Sogn og Fjordane Røde Kors vart halde på Fretheim hotell i Flåm, helga 24.-26. mars 2023.

Valmøta til distriktsråd omsorg, distriktsråd hjelpekorps og distriktsråd ung vart avvikla på føremiddagen laurdag 25. april, og sjølve distriktsårsmøtet etter lunsj same dag, og sundag føremiddag.

Arrangementet samla totalt 100 deltakarar, medan 94 deltok på sjølve årsmøtet. Av dei var 53 delegatar og 41 observatørar, og blant observatørane var 7 gjester og 11 tilsette frå distriktskontoret.

61 var lokalt tillitsvalde og 18 var tillitsvalde på distriktsnivå. 20 lokalforeiningar var representert.

Landsstyremedlem og leiar landsråd omsorg Pernille Backer Lemming, Nils Vidar Hopland og Ove Fortun frå landsråd hjelpekorps, Ariel Espevoll frå landsråd ungdom, Charlott Nordström frå den sentrale valkomiteen, Odd Erik Loftesnes frå den sentrale kontrollkomiteen og tidlegare distriktsleiar Børre Jacobsen (og Odd Erik Loftesnes) var gjester på årsmøtet.

Distriktsleiar Synøve Sande opna møtet. Ordførar Trygve Skjerdal ynskte velkomen til Aurland kommune, medan leiar i Aurland Røde Kors, Agnar Aas, orienterte om lokal aktivitet og lokallaget si status i kommunen. Landsstyremedlem Pernille Lemming helsa frå landsstyret.

Einar Målsnes og Bjørg Eikum Tang vart valde til ordstyrarar for årsmøtet.

Distriktsårsmøtet godkjende framlagde forslag til årsmelding og rekneskap for 2022. Årsmeldinga vart tradisjonen tru presentert som ei tonesett filmframsyning, produsert av Lene Sørøy Neverdal frå distriktskontoret.

I sak Å-09/23 «Nasjonal strategi om førstehjelp og digitalisering» orienterte Ove Fortun og Linda Goldmann om sine erfaringar med førstehjelp og digitalisering i Luster Røde Kors. Vedtak om ei intensjonsavklaring for distriktet gjeldande både førstehjelpsstrategien og digital strategi kan samanfattast slik: lokale tillitsvalde har ein viktig funksjon som rollemodell for lokale frivillige.

Justert handlingsprogram for perioden 2021 – 2023 vart gjennomgått og lagt fram til drøfting. Årsmøtelyden deltok på gruppearbeid ved handsaminga av handlingsprogrammet. Distriktsårsmøtet godkjente handlingsprogrammet for 2021–2023 med dei endringane som vart innarbeidde i møtet.

Tradisjonen tru samla årsmøtelyden og gjester seg til festmiddag laurdag på Fretheim. Det var ei overraska Bjørg Eikum Tang som mottok 'Bry deg'-prisen under festmiddagen laurdag. "Bry deg-prisen" skal vere ei påskjønning til ein person som har utmerka seg gjennom si framferd, sine idéar og/eller ved handling på ein måte som fell innanfor Røde Kors sine grunnidéar og prinsipp. Gjennom sine haldningar og handlingar gjennom mange år, og no som leiar i Sogndal Røde Kors Omsorg, har Bjørg Eikum Tang verkeleg synt at ho bryr seg.

Sundag morgon starta årsmøtet med eit innlegg frå Åge Wiberg Bøyum, der han fortalte og viste bilder frå Ukraina, etter å ha vore der som delegat for Røde Kors etter krigsutbrotet. Åge har ei omfattande og imponerande merittliste som internasjonal delegat. For denne innsatsen vart han etter innlegget sitt tildelt Noreg Røde Kors sin plakett for sitt mangeårig engasjement og innsats i Røde Kors både lokalt og i internasjonale operasjonar.

Justert budsjett for 2023 og rammebudsjett for 2024 vart godkjende. Som del av vedtaka låg mynde til distriktsstyret om å nytte inntil 10 % av anna formålskapital i 2023 og 2024 til investering i utstyr.

I samband med sak Å-14/23 «Landsmøtet 2023» vart følgjande vedtatt: Distriktsårsmøtet gjev distriktsstyret i mandat å sende høyringsinnspel på vegne av distriktet. Distriktsstyret

får òg mynde til å fremme, og støtte, saker som vert fremma til landsmøtet 2023, som distriktsstyret vurderer vil vere styrkande for lokale ledd i Sogn og Fjordane. Best mogeleg føresetnader for at lokale ledd i Sogn og Fjordane kan drive behovsretta, lokal humanitær aktivitet i lang tid framover, skal vere retningsgjevande i denne samanheng.

Vala resulterte i at alle innstilte til verv vart valde ved akklamasjon. Distriktsleiar Synøve Sande presenterte dei tillitsvalde i distriktsråda som vart valde i eigne valmøte, og avslutta årsmøtet med å takke avtroppande styremedlemmer, valnemnda, kontrollkomiteen, gjester, ordstyrar og tilsette ved distriktskontoret, og møtelyden for innsatsen under årsmøtet.

LANDSMØTET

Sogn og Fjordane Røde Kors stilte sterkt på landsmøtet 6. til 8. oktober på Lillestrøm. Med 21 delegatar og 17 observatørar, der 17 delegatar var frå lokalforeiningar og fire frå distrikt. Det var berre Buskerud og Hordaland som stilte med større delegasjonar.

Nestleiar Jon Atle Sagebø-Rise stilte som delegasjonsleiar med stemmerett, då distriktsleiar Synøve Sande stilte for landsstyret. Dette vart avklart gjennom ei vedtektsendring i starten av landsmøtet, etter initiativ frå distriktet, og etter at distriktsleiar Synøve hadde vore på talarstolen to gonger.

Distriktet hadde spelt inn to større saker – om satsing på barn og unge, og om organisasjons-frivillige, og hadde i tillegg nokre mindre framlegg. Med unnatak av ei sak fekk Sogn og Fjordane gjennomslag for alle sine framlegg og saker.

Distriktet var ikkje aleine om å ynskje ei satsing på barn og unge. Etter samråd med Rogaland og Agder vart distriktet sitt framlegg i den saka tilpassa slik at dei tre distrikta kunne stå samla om å fremme den. Etter stort engasjement frå fleire i salen, og spesielt delegasjons-leiar Jon Atle, som både innleia til og seinare argumenterte sterkt frå talarstolen, vart saka vedtatt med solid fleirtal.

Knut Henning Grepstad presenterte saka som la opp til å satse særskilt på betre tilrettelegging for organisasjonsfrivillige i lokale ledd - altså dei som ser til at lokalforeininga vert drive godt. Den traff landsmøtet som ein innertiar både i framføring og respons. Ingen motsegner og over 95 % av delegatane støtta framlegget!

Fleire frivillige frå distriktet vart valde inn i sentrale verv. Sven Flo, Stryn, vart valt inn som medlem av landsstyret, Margrethe Skåden, Gulen, valt inn som medlem av landsråd hjelpekorps, Berit Flæthe Arntsen, Høyanger, fekk attval i valnemnda for landsråd omsorg, og Jon Atle Sagebø-Rise vart valt inn i den sentrale valkomiteen som vara. Ettersom landsmøtet konkluderte med å ikkje redusere tal medlemmer i landsstyret, er Synøve Sande medlem av landsstyret som ein av dei fire frå Det sentrale råd.

Distriktet hadde organisert felles busstransport til landsmøtet for delegatar og observatørar det passa for. Delegasjonen budde på hotell i gangavstand frå varemessa der landsmøtet vart halde, og leigde møterom på hotellet like ved for å gjennomføre delegasjonsmøter kvar morgon, og i pausar når det var trong for det. Det var gjennomgåande god stemning, dialog og samhald i delegasjonen, og i høve andre i landsmøtesalen. Fleire representantar markerte seg positivt både i i landsmøtesalen og utanfor. Eksempelvis fekk Linda Goldmann frå Luster med seg fleire Anne-dukker heim, etter å ha toppa ei innlagt, prestisjetung HLR-konkurranse.

KVEIK 2023

Inspirasjons- og opplæringshelga Kveik vart gjennomført helga 20.-22. oktober.

I år forandra vi litt på opplegget. Etter forslag frå d-råd hjelpekorps, flytta vi fagsamlingane (søk og redning og ungdom/omsorg) frå søndag til laurdag, medan felleskveiken vart flytta til søndag. I tillegg tilbaud vi kurs også på laurdagen, for dei utan tilknyting til fagsamlingane. Dette var eit særs vellykka grep.

I 2022 skrytte vi av «tidenes Kveik» med til saman 140 påmelde. I år knuste vi rekorden, med 172 påmelde, mykje takka ein markant auke i tal påmelde til fagsamling søk og redning.

Noko var likevel ved «det gamle». Som vanleg var det lagt opp til parallelle kurs fredag kveld. Fasit vart 117 deltakarar påmeldt kurs fredag, 38 til fagsamling for ungdom og omsorg, 88 til fagsamling søk og redning, 54 på kurs laurdag, og 123 til felleskveik søndag. 23 av 26 lokalforeiningar var representert.

Fredag

10 kurs og temasamlingar vart gjennomført fredag; «Startkurs nye frivillige», «Grunnkurs psykososial førstehjelp», «Fem steg til målretta rekruttering av nye frivillige», «Verktøy i SAR», «Digitale kartsystem», «Drone som verktøy», «Dialog- og konflikthandtering», «Eit synleg Røde Kors», «Møteleiing og styrearbeid» og «Digitale hjelpemiddel i Røde Kors». I evalueringane frå kursa kjem det fram mykje skryt for opplegga og om dei som medverka.

Laurdag

Laurdagen starta med ein felles morgonkveik med Bjørn Vollstad, før fagsamlingane starta.

Fagsamling søk og redning vart gjennomført i nært samarbeid med FORF (Frivillige Organisasjonars Redningsfaglege Forum), og meir konkret, med dei tre organisasjonane Norske Redningshundar, Norsk Folkehjelp og Redningsselskapet. Målet er å styrkje samhandling og læring på tvers av organisasjonane, og dagen vart mellom anna nytta til å setje fokus på nytt aksjonsstøtteverktøy, bruk av drone i søk og redning, praktisk bruk av nettbrett, søk med hund, førstehjelp og bruk av hypotermiutstyr. Fagsamlinga vart avslutta med ein tabletop-øving i plenum. Fagsamlinga opplevde rekordstor interesse, med nær 90 påmelde. Det var i all hovudsak positive tilbakemeldingar frå deltakarane på innhaldet.

I felles fagsamling for ungdom og omsorg vart «Ferie for alle» presentert, med eit ønske om auka lokal eigarskap til ferieleirane. Rekruttering av frivillige til «Ferie for alle» vart vigd ekstra merksemd med ein eigen workshop.

Med «Sosial puls» som bakteppe, og for å understreke viktig-

heita av kampen mot utanforskap, fortalde distriktskontorets Thor Erlend Mehammer sin personlege historie – som overlevande frå Utøya. Ei sterk oppleving som resulterte i mange kjensleladde, men positive tilbakemeldingar frå deltakarane.

I tillegg til dei parallelle fagsamlingane hadde deltakarane på årets Kveik òg moglegheita til å ta ulike kurs laurdag formiddag og ettermiddag. «Møteleiing», «Introduksjon til digitale system i Røde Kors», «Styrearbeid», «Startkurs for nye frivillige», «Psykososial førstehjelp» og «Reglar i krig» var alternativa denne dagen. Stor pågang og positive tilbakemeldingar var gjennomgangsmelodien her òg.

Søndag

Felleskveiken søndag var vigd temaet demens. Distriktsleiar Synøve Sande ønskte velkommen før Merete Dale, tidlegare sjukepleiar og førstelektor ved Høgskulen på Vestlandet snakka om kva demens faktisk er.

D-råd hjelpekorps og D-råd omsorg var i forkant utfordra på å dele litt av erfaringane sine, og arbeidet sitt, knytt til menneske med demens.

Margrethe Skåden, nyvald representant til landsråd hjelpekorps snakka om utfordringar knytt til leiteaksjonar etter menneske med demens. Britt Optun, nestleiar i d-råd omsorg, Bjørg Eikum Tang, leier i lokalråd omsorg i Sogndal Røde Kors og Gunvor Kjos-Wenjum, leier lokalråd omsorg i Hafslo, fortalde om ulike omsorgsaktivitetar, og tilhøyrande gleder og utfordringar i arbeidet med demenssjuke.

For å runde av dagen, og Kveik-helga, hadde vi invitert forfattar, reklameguru og Stabæk-patriot, Ingebrigt Steen Jensen til ein samtale med vår eigen Arve Sandal. Ingebrigt Steen Jensen fekk diagnosen Alzheimer for to år sidan, og fortalde om angsten, tanken på å døy, men mest av alt håpet om å leve eit godt liv. Mange av deltakarane trakk dette innslaget fram som særleg bra frå Kveik-helga 2023.

Haugland

SOGN OG FJORDANE RØDE KORS EIGEDOM AS.

Sogn og Fjordane Røde Kors eig alle aksjane i Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. Dette selskapet eig og forvaltar eigedomane som distriktet arva etter advokat Bekker på Haugland i Fjaler kommune, inkludert bygga som husar Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS.

Sogn og Fjordane Røde Kors har overdrege alle aksjane i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS til eigedomsselskapet. Overdraginga er gjort på vilkår av at distriktsstyret vert førelagt sentrale saker før det vert gjort vedtak.

Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS framstår som eit solid selskap med god inntening. Eigedomsselskapet sine inntekter er husleige frå Rehabiliteringssenteret. Det er av felles interesse for selskapa å forvalte og utvikle eigedomane på ein måte som gjer at Rehabiliteringssenteret er framtidsretta og konkurransedyktig. Det er lagt ein plan for oppgradering og vedlikehald av bygningsmassen, og i 2023 vart arbeidet med ein ny pasientfløy sluttført.

RØDE KORS HAUGLAND REHABILITERINGSSENTER AS

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS fekk i 2023 ein fleirårig avtale med Helse Vest. Det var eit godt svar på den oppgraderte kapasiteten som er kome til gjennom ein ny pasientfløy. Avtalen er mindre omfattande enn tidlegare. Det gjer det litt utfordrande framover, men styret og administrasjonen ser positivt på framtida for senteret. Dei er betre skodd enn nokon gong til å møte utfordringar og potensiale som måtte kome.

Det er innarbeidd i vedtektene at ein del av føremålet til Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS er å bidra til å finansiere humanitær aktivitet i regi av Røde Kors i Sogn og Fjordane.

Styra i eigedomsselskapet og rehabiliteringsselskapet fortener stor honnør for den gode utviklinga dei har bidrege til på Haugland. Honnøren skal òg gå til leiinga og tilsette ved rehabiliteringssenteret. Dei har levert rehabiliteringstenester med ein kvalitet som er blant dei beste i landet over mange år.

Rehabiliteringssenteret fylte 30 år i 2022.

RØDE KORS NORDISK UNITED WOLD COLLEGE

Distriktet har eit godt og mangeårig samarbeid med colleget. Dels har dette vore aktivitetar som bidreg til samhandling mellom studentane og unge frivillige i distriktet, og dels har det vore bidrag for å gjere studentane til gode Røde Kors-ambassadørar. Samarbeidet er avtalefesta og vert følgt opp av ei kontaktgruppe der Norges Røde Kors òg er med. Samarbeidet vart evaluert i 2017, og ei oppdatert og framtidsretta samarbeidsavtale vart signert i 2018.

Pandemien har avgrensa innhald og omfang i samhandlinga mellom partane, men i løpet av 2022 og 2023 er dialogen reetablert og grunnlaget for samhandling kome på eit meir normalt aktivitetsnivå.

Økonomi

Det er mange som bidreg til finansiering av Røde Kors sin humanitære aktivitet i Sogn og Fjordane. Minnegåver og arv etter avlidne, bidrag frå verksemder, organisasjonar, frå deira tilsette og andre kjem uoppfordra. Vi tek det som teikn på at Røde Kors sin innsats rundt om i Sogn og Fjordane vert verdsett, og er særs takksame for bidraga.

Røde Kors har god dialog med ulike stiftingar som over mange år har støtta aktiviteten i distriktet. Gjensidigestiftinga har i fleire år bidrege til 'Julegleder for barn'. Også i 2023 var det grunnlaget for at vi kunne gje mange born i Sogn og Fjordane ei merksemd i juletida. Men dels fordi distriktet får relativt mindre derifrå, og at behovet har auka vesentleg, har Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vore finansieringskjelda som har redda denne aktiviteten i 2023.

Frå og med 2021 vart samarbeidet med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om samordning av søknader frå Røde Kors til stiftinga, reetablert. Stiftinga løyvde 800.000 kroner for 2022 til fordeling til lokale ledd etter søknad, samt 200.000 kroner øyremerka 'Ferie for alle-vinter', og til sist; 1.000.000 kroner til barn og unge i utsette livssituasjonar. Ein stor del av dei siste midlane vart i 2023 brukt til å toppfinansiere aktiviteten 'Julegleder for barn'. Slik nådde vi samla 2.136 barn i distriktet.

I 2023 fekk distriktet ei rammegåve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane på 2,3 millionar kroner. Pengane skal nyttast til aktivitet og investeringar i lokale ledd og i distriktet, og bidreg til at Røde Kors i distriktet kan vere både aktive og målretta, men òg meir langsiktige i planlegging av aktivitet.

Fond for lokal aktivitet er ei Røde Kors-intern kjelde til finansiering. Ein del av fondet går til bundne føremål og er bygd opp av bidrag frå ulike nærings- og samfunns-aktørar nasjonalt, og bidrag som gjevarmedlemmer betalar inn kvar månad, og av statsmidlar. Lokale Røde Kors-ledd sine søknader om tilskott frå dei bundne midlane vert samordna gjennom distriktet.

Under pandemien var det pause i det årlege fylkesdekkande Røde Kors-lotteriet. I distriktsårsmøtet i 2022 vart det vedtatt å gjennomføre Røde Kors-lotteriet i 2023. Det vart gjort og med godt økonomisk resultat. Seinhaustes gjorde distriktsstyret vedtak om å gjennomføre ei høyring om lotteriet. Føremålet er å avklare i kva grad lokale ledd ynskjer at lotteriet skal vidareførast i noverande form eller om det er trong for eller ynskje om endringar. Resultatet av høyringa vil ligge til grunn for sak i distriktsårsmøtet i 2024.

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Røde Kors er sett opp i samsvar med NRS(F) God rekneskapsskikk for ideelle organisasjonar.

KLASSIFISERING AV INNTEKTER

Innsamla midlar og gåver er inntektsført på mottakstidspunktet. Offentlege tilskott som det er knytt vilkår til vert inntektsført i takt med bruk av kostnader knytt til aktiviteten som vert støtta. Ikkje inntektsførte tilskott vert rekneskapsførte i balansen under Ubrukte statsmidlar. Verdien av tingsgåver vert målt til verkeleg verdi på mottakstidspunktet.

KLASSIFISERING AV KOSTNADER

I aktivitetsrekneskapet vert kostnader klassifisert i tre hovudgrupper: kostnader for tilføring av midlar, kostnader til føremålet og administrasjonskostnader.

KLASSIFISERING AV EIGNELUTAR OG GJELD

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld femner om postar som fell til betaling innan eit år etter føring i balansen, samt postar som er knytt til varekretsløpet. Øvrige postar er nemnt som anleggsmidlar eller langsiktig gjeld. Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert ført i balansen med sum tilsvarande som ved etablering. Anleggsmidlar vert vurdert til innkjøpskostnad, men vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er å vere avgrensa i tid.

VURDERING AV FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er ført opp i balansen etter frådrag for avsetnad til dekking av pårekna tap.

VURDERING AV DRIFTSMIDLAR

Varige driftsmidlar er i balansen oppført til innkjøpskostnad fråtrukke ordinære bedriftsøkonomiske avskrivingar. Ordinære avskrivningar er rekna lineært over driftsmidlane si økonomiske levetid av kostverdiar.

LØNSKOSTNADER

Norges Røde Kors er arbeidsgjevar for alle tilsette på distriktskontoret. Første veke i kvar månad vert distriktskontoret fakturert for løn (inkludert feriepengar, arbeidsgjevaravgift og pensjon), reise og utlegg for sine tilsette for føregåande månad. Feriepengar, arbeidsgjevaravgift og pensjon vert avsett og gjort opp hjå Norges Røde Kors. Fakturering skjer utan meirverdiavgift grunna unntak for ideelle organisasjonar på tenester internt i organisasjonen.

ENDRINGAR I FØREMÅLSKAPITALEN

Midlar som organisasjonen har øyremerka frå eigne midlar er ført opp under Føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar.

Aktivitetsrekneskap 2023

	Note	Rekneskap 2023 Totalt	Rekneskap 2022 Totalt	Budsjett 2023 Totalt
Innhenta midlar				
Medlemsinntekter		96 845	95 505	95 000
Offentlege tilskott	1	1 157 526	1 324 913	1 150 000
Andre tilskott	1,2	13 783 187	13 409 592	13 353 500
Innsamla midlar og gåver		1 585 480	1 487 677	3 014 000
Opptente inntekter frå operasjonelle aktivitetar fordelt på:				
aktivitetar som oppfyller organisasjonen sitt føremål	3	492 260	417 772	651 000
aktivitetar som skapar inntekter		353 940	0	440 000
Finans- og investeringsinntekter		317 294	91 582	100 000
Sum innhenta midlar		**17 786 532**	**16 827 040**	**18 803 500**
Brukte midlar				
Kostnader til innhenting av midlar		137 126	0	195 000
Kostnader til organisasjonen sitt føremål fordelt på:				
- tilskott, løyvingar mv. til oppfylling av organisasjonen sitt føremål		3 391 745	3 654 728	3 246 500
- kostnader til aktivitetar som oppfyller føremålet	2,4,5,6,7,9			
REDDE LIV: LOKALT				
Kompetent og tydeleg beredskapsaktør		0	691 078	255 000
Beredskap og respons knytta til akutte og psykososiale behov		243 565	165 477	1 285 000
Vidareutvikle Røde Kors Hjelpekorps		257 833	337 769	714 000
Styrka førstehjelpskompetanse		449 614	129 182	285 000
TRYGG OPPVEKST				
Barn og unge, psykisk støtte		0	19 759	0
Barn og unge, inkludering		3 387 058	3 621 976	3 390 000
Barn og unge, valdsførebygging		0	0	0
Tilrettelegging for frivilligheit, unge		109 784	460 820	280 000
VERDIGE LIV				
Tydeleg talsperson for humanitære verdiar og rettar		0	2 502	80 000
Redusere einsemd og isolasjon		582 030	324 492	495 000
Redusere utanforskap og styrke meistring		350 296	753 325	455 000
Bidra til å dekke grunnleggande humanitære behov		138 298	383 201	97 000
Vidareutvikle Røde Kors Omsorg med kompetanse og kapasitet		22 688	74 916	110 000
HUMANITÆR EFFEKT				
Vidareutvikle kunnskap om og aksept for samfunnets humanitære behov		1 042 279	856 529	800 000
Drive koordinert og målretta samarbeid		41 447	55 116	150 000
STYRKE FRIVILLIGHEITA				
Opplæring av frivillige		10 269	0	0
Tilrettelegging for frivillige		2 657 966	2 814 122	2 930 000
Styrke lokal leiing		1 356 920	1 382 868	1 190 000
Styrke kunnskapsdeling og nytenking mellom frivillige lokalt, nasjonalt og globalt		13 848	0	50 000
OPEN OG ENDRINGSDYKTIG				
Videreutvikle ein sunn organisasjonskultur		1 233 441	1 099 723	1 880 000
Styrke likestilling, mangfald og ungdomsdeltaking i alle ledd i organisasjonen		0	0	5 000
Investere i digitale løysingar og nye måtar å arbeide på		774 583	0	0
Sum kostnader til aktivitetar som oppfyller føremålet		**12 671 920**	**13 172 856**	**14 451 000**
Administrasjonskostnader	6	1 262 727	789 917	2 290 000
Sum brukte midler	**6,7**	**17 463 517**	**17 617 501**	**20 182 500**
Aktivitetsresultat for året		**323 015**	**–790 462**	**–1 379 000**
Tillegg/reduksjon av føremålskapital				
Føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar		143 901	11 712	–590 000
Føremålskapital - aktiverte midlar til dekking av avskrivingar		736 167	0	0
Anna føremålskapital		–557 053	–802 174	–789 000
Sumtillegg/reduksjon av føremålskapital	**13,14**	**323 015**	**–790 462**	**–1 379 000**

Balanse pr. 31.12.2023

	Note	Balanse pr. 31.12.2023	Balanse pr. 31.12.2022
Transportmidlar, inventar og maskiner	4	784 813	98 750
Finansielle anleggsmidlar	10	597 501	597 501
Sum anleggsmidlar		**1 382 314**	**696 251**
Fordringar	11	3 140 622	2 246 861
Bankinnskott, kontantar og liknande	12	11 135 655	9 517 952
Sum omløpsmidlar		**14 276 277**	**11 764 813**
SUM EIGNELUTAR		**15 658 591**	**12 461 064**
Føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar		2 511 543	2 367 642
Føremålskapital aktiverte midlar til dekking av avskrivingar		736 167	0
Anna føremålskapital		5 618 801	6 175 854
Sum føremålskapital	**13,14**	**8 866 511**	**8 543 496**
Leverandørgjeld	15	3 972 323	3 082 557
Anna kortsiktig gjeld	16	2 819 757	835 011
Sum kortsiktig gjeld		**6 792 080**	**3 917 568**
SUM FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD		**15 658 591**	**12 461 064**

Styret si godkjenning av årsrekneskapet 2023

Førde, 31. desember 2023/13. februar 2024

Synøve Sande
Distriktsleiar

Jon Atle Sagebø-Rise
Nestleiar

Arne Dale
Leiar D-råd Omsorg

Per I. Rimmen
Styremedlem

Anita Kristin Vik
Leiar D-råd Hjelpekorps

Per Kristian Storevik
Styremedlem

Marte Heggestad
Leiar D-råd Ungdom

Berit F. Arntsen
Styremedlem

Dag Hovland
Dagleg leiar

Notar til rekneskapen

NOTE 1 SPESIFIKASJON AV TILSKUDD

	2023	2022
Statstilskott	0	300 000
Fylkeskommunale tilskott	220 000	224 812
Kommunale tilskott	0	0
Andre offentlege tilskott	937 526	800 101
Sum offentlege tilskott	**1 157 526**	**1 324 913**
Tilskott frå Norges Røde Kors	12 147 257	11 920 283
Innsamlede midler flyktninger	395 000	382 724
Tilskott frå Fond for lokal humanitær aktivitet	205 590	82 736
Tilskott frå andre Røde Kors-ledd	1 035 340	1 023 848
Tenester frå Norges Røde Kors	13 783 187	13 409 592
Sum andre tilskott		
Totale tilskudd	**14 940 713**	**14 734 504**

NOTE 2 TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE PARTAR

Etter rekneskapslova skal det opplysast om transaksjonar med nærståande partar. For Sogn og Fjordane Røde Kors er Norges Røde Kors og dei lokale Røde Kors-foreiningane nærståande partar. Oversikta under her viser vesentlege transaksjonar med desse.

Ein vesentleg del av drifta vert finansiert av ulike tilskott frå Norges Røde Kors. Arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette ligg hjå Norges Røde Kors, jamfør rekneskapsprinsippa for ytterlegare opplysingar.

For Sogn og Fjordane Røde Kors er også Georgia Red Cross nærståande part. Vesentlege transaksjonar er vist nedanfor.

Frå Norges Røde Kors	
Tilskott	11 405 220
Kursstøtte	87 792
Pro bono-tenester	1 035 340
Vidareformidla medlemskontingent	96 845
Videreformidla momskompensasjon	937 526
Fond for lokal aktivitet (frie midlar)	395 000
Vidareformidla refusjon frå NAV	159 326
Til Norges Røde Kors	
Pro bono-tenester	1 035 340
Tilbakebetaling ubrukte midlar	172 405
Lønnskostnader	6 357 280
Viderefakturerte kostnader som går via lønnssystemet	283 999
Frå lokalforeiningar	
Deltakaravgift	416 180
Tilskott	353 940
Til lokalforeiningar	
Tilskott	3 354 870
Frå andre nærståande partar	
Hordaland Røde Kors (regionskursa)	205 590
Til andre nærståande partar	
Til Georgia RC - Twinning	36 874

NOTE 3 SPESIFIKASJON AV INNTEKTER FRÅ AKTIVITETÅR SOM OPPFYLLER ORGANISASJONEN SITT FØREMÅL

	2023	2022
Salsinntekter	0	0
Inntekter frå distriktet	490 648	393 387
Andre driftsrelaterte inntekter	1 612	24 385
Sum	**492 260**	**417 772**

Notar

NOTE 4 AVSKRIVINGAR OG VARIGE DRIFTSMIDLAR

	Transport-midler	Inventar Bekkerhuset	Inventar	Utstyr HJK	Totalt varige driftsmidler
Innkjøpskostnader pr. 01.01.2023	158 000	30 699	727 021	729 249	729 249
Tilgang i året	635 751		136 931		772 682
Avgang i året					0
Innkjøpskostnader pr. 31.12.2023	**793 751**	**30 699**	**863 952**	**729 249**	**1 501 931**
Akkumulerte avskrivingar 01.01.2023	113 233	0	711 000	721 987	824 233
Ordinære avskrivingar i år	41 170		38 187	7 262	86 619
Akkumulerte avskrivingar avgang					0
Akkumulerte avskrivingar pr. 31.12.2023	**154 403**	**0**	**749 187**	**729 249**	**910 852**
Akk. nedskrivninger pr. 31.12.2023					0
Bokført verdi pr. 31.12.2023	**639 347**	**30 699**	**114 766**	**0**	**784 812**

NOTE 5 FORDELING AV FELLESKOSTNADER

Alle tilsette i Sogn og Fjordane Røde Kors er tilsett for å arbeide med ein eller fleire aktivitetar knytt til organisasjonen sine føremål og kostnaden for desse tilsette er fordelt på dei ulike aktivitetane. Felleskostnadene er fordelt på hovedaktivitetar i høve den del av eller tal årsverk som er knytta opp mot aktiviteten.

NOTE 6 ADMINISTRASJONS- OG FORMÅLSPROSENT

Rekneskapsstandarden for ideelle organisasjonar seier at administrasjon er dei aktivitetene som vert gjort for å drive organisasjonen, og dei kostnadene som ikkje kan knytast til bestemte aktivitetar. Dette er kostnader som overordna leiing, revisor- og advokathonorar og utarbeiding av offentlege rekneskap. Fordelinga av felleskostnader er forklart i note 3. Administrasjon har sin del av fordelte felleskostnader.

	2023	2022	2021	2020	2019
Sum administrasjonskostnader	1 262 727	789 917	677 241	556 882	1 136 154
Sum brukte midlar	17 463 517	17 617 501	13 516 556	12 987 935	13 249 819
Administrasjonsprosent	**7,2 %**	**4,5 %**	**5,0 %**	**4,3 %**	**8,6 %**
	2023	2022	2021	2020	2019
Kostnader til føremålet	16 063 665	16 827 584	12 908 526	12 248 882	11 930 344
Sum brukte midler	17 463 517	17 617 501	13 516 556	12 987 935	13 249 819
Føremålsprosent	**92,8 %**	**95,5 %**	**95,5 %**	**94,3 %**	**90,0 %**

Kommentar til endring i administrasjons- og formålsprosent:
Etter 2013 inngår kostnader knytta til distriktsstyret og distriktsårsmøtet i administrasjonsprosenten.

NOTE 7 ARTSINNDELING AV KOSTNADER

	2023	2022
Varekjøp	103 474	0
Personalkostnader	6 075 050	6 092 575
Avskrivingar	86 619	78 126
Andre driftskostnader	7 806 630	7 788 299
Finanskostnader	0	3 773
Tilskott	3 391 745	3 654 728
Sum kostnader	**17 463 517**	**17 617 501**

NOTE 8 TAL ÅRSVERK

	2023	2022
Tal årsverk - fast tilsette	10,0	9,0
Tal årsverk - mellombels tilsette		
Totalt	**10,0**	**9,0**

Konferer punktet "Lønskostnader" under Regnskapsprinsipp.

Notar

NOTE 9 YTINGAR TIL LEIINGA

	2023	2022
Ytingar til styret		
Sum ytingar til styret	**0**	**0**
Ytingar til revisor		
Ordinær revisjon	54 600	43 300
Særattestasjonar	41 836	83 853
Sum ytingar til revisor (inkl. mva.)	**96 436**	**127 153**

NOTE 10 INVESTERINGER I DOTTERSELSKAP OG TILKNYTTA SELSKAP

Selskap	**Antall aksjer**	**Eierandel**	**Bokført verdi**
Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS			
Stemmedel/eigardel	500	100 %	507 501
Aksjane er bokført til kostpris			
Fordring på Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS			
	2023	**2022**	
Krav etter sal av aksjar m.v.	90 000	90 000	
Sum fordring på Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS	**90 000**	**90 000**	
Rest fordring gjeld sal av motorbåten "Lynet"			

NOTE 11 FORDRINGAR

	2023	2022
Kundefordringar	552 636	210 639
Mellomrekning RK-ledd	50 400	0
Kostnader betalt på forskott	0	–45 980
Tilkomne inntekter	37 586	48 322
Andre fordringar	2 500 000	2 033 880
Totalt	**3 140 622**	**2 246 861**

NOTE 12 KONTANTAR OG BANKINNSKOTT

	2023	2022
Kontantar og bankinnskott	11 135 655	9 517 952
Av dette er føgjande sett av til:		
	2023	**2022**
bundne utbetalingar	4 853 054	3 471 648
Sum bundne midlar	**4 853 054**	**3 471 648**
Likvide midlar til disposisjon	**6 282 601**	**6 046 304**

Notar

NOTE 13 ENDRINGAR I FØREMÅLSKAPITAL

	Anna føremåls-kapital	Føremålskapital m/sjølvpålagde restriksjonar	Føremålskapital m/eksternt pålagde restriksjonar	Føremålskapital aktiverte midlar til dekking av avskrivingar	Total føremåls-kapital
Føremålskapital pr. 01.01.2023	**6 175 854**	**2 367 642**	**0**	**0**	**8 543 496**
Tilførsel av kapital	0	243 901	0	772 682	1 016 583
Bruk av kapital	–320 418	–100 000	0	–36 515	–456 933
Resultat i år	–236 635				–236 635
Føremålskapital pr. 31.12.2023	**5 618 801**	**2 511 543**	**0**	**736 167**	**8 866 511**

Totalt til disponering	
A. Resultat i år	–236 635
B. Disponert gjennom året	559 650
Aktivitetsresultat i 2023	**323 015**

NOTE 14 SPESIFIKASJON AV FØREMÅLSKAPITAL MED RESTRIKSJONAR

Føremålskapital med eksterne restriksjonar	**2023**	**2022**	**Endring**
Sum føremålskapital med eksterne restriksjonar	**0**	**0**	**0**
Føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar			
Ferie for alle	337 844	121 030	216 814
Bundne lønsmidlar	315 434	415 434	–100 000
Prosjekt RKNUWC	43 978	43 978	0
Bekkerfondet	937 120	910 033	27 087
Katastrofefond	455 817	455 817	0
Sogeskrift SFRK Ambulanse	101 400	101 400	0
Stopp volden	20 250	20 250	0
Kursstøtte hjelpekorps	74 606	74 606	0
Organisasjonsutvikling - Diba	206 344	206 344	0
Minnefond Reidun Sørefjord	18 750	18 750	0
Sum føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar	**2 511 543**	**2 367 642**	**143 901**
Sum føremålskapital aktiverte midlar til dekking av avskrivingar			
Formålskapital - aktiverte midler til dekning av avskrivninger	736 167	0	736 167

NOTE 15 LEVERANDØRGJELD

	2023	**2022**
Norges Røde Kors	1 594 444	1 531 055
Andre	2 377 879	1 551 502
Totalt	**3 972 323**	**3 082 557**

NOTE 16 ANNA KORTSIKTIG GJELD

	2023	**2022**
Fond for lokal aktivitet (frie midler)	0	321 287
Anna kortsiktig gjeld	100 000	0
Mellomrekning Norges Røde Kors	–1 137	257
Påkomne kostnader	99 241	55 030
Fond for lokal aktivitet - frie midler	321 287	0
Vidareformidla tilskott	161 400	97 523
Aktivitetstilskott frå Norges Røde Kors - tildelt i året	6 625 220	7 378 714
Aktivitetstilskudd fra Norges Røde Kors - overført aktivitet i året	–6 425 280	–7 142 432
Aktiverte inntekter	867 172	124 633
Tilskott og gåver til fordeling	1 071 854	0
Totalt	**2 819 757**	**835 011**

Deloitte AS
Fjellvegen 9
NO-6800 Førde
Norway

Tel: +47 57 72 13 80
www.deloitte.no

Til årsmøtet i Sogn og Fjordane Røde Kors

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Konklusjon
Vi har revidert årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Røde Kors som er samansett av balanse per 31. desember 2023, aktivitetsregnskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av organisasjonen si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen
Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av organisasjonen i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen
Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til organisasjonen si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen
Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

Penneo Dokumentnøkkel: VW2W4-4XNNI-D5XHO-CAC1A-BXH7E-6WND7

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the "Deloitte organization"). DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av organisasjonen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om organisasjonen si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at organisasjonen ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhandet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.

Førde, 13. februar 2024
Deloitte AS

Rune Norstrand Olsen
statsautorisert revisor

Penneo Dokumentnøkkel: VW2W4-4XNNI-D5XHO-CAC1A-BXH7E-6WND7

Styret, tillitsvalde, tilsette i Sogn og Fjordane Røde Kors 2023–2024

FRÅ 25. MARS 2023 TIL 17. MARS 2024. ALLE NAMN MERKA MED * ER PÅ VAL

Distriktsstyret

Distriktsleiar	Synøve Sande, Svelgen-Bremanger
Nestleiar	*Jon Atle Sagebø-Rise, Svelgen-Bremanger
Medlem	Per I. Rimmen, Flora
Medlem	Berit Flæthe Arntsen
Medlem	*Per Kristian Storevik, Stryn
Representant Hjelpekorps	*Anita Kristin Vik, Stryn
Representant Omsorg	Arne Dale, Hyllestad
Representant RK Ungdom	*Marte Heggestad, Luster
Varamedlem	Anita Hjønnevåg, Balestrand
Varamedlem	*Norvall Nøringset, Førde

Distriktsstyret sitt arbeidsutval

Leiar	Synøve Sande, Svelgen-Bremanger
Medlem	Jon Atle Sagebø-Rise, Svelgen-Bremanger
Medlem	Per I. Rimmen, Flora

Kontrollkomité

Leiar	*Margunn Masdal, Førde
Medlem	Kjell Ese, Balestrand
Medlem	*Harald Engevik, Flora
Varamedlem	Sigurd Strand, Olden

Distriktsrådet for Hjelpekorps

Distriktsrådsleiar	*Anita Kristin Vik, Stryn
Administrativ leiar	*Geir Ove Optun, Hafslo
Operativ leiar	Are Bødal, Førde
Medlem	Sonja Molvik Myrekrok, Vadheim
Medlem	*Espen Rysjedal, Førde
Medlem	Bjørn Hesjevoll Winge, Luster
Varamedlem	Arne Reme, Stryn

Distriktsrådet for Omsorg

Distriktsrådsleiar	Arne Dale, Hyllestad
Nestleiar	*Britt Optun, Luster
Medlem	Nina Heggenes Gjermundstad, Vadheim
Medlem	*Jan W. Sande, Førde
Medlem	Gunn Fondenes, Sogndal
Medlem	*Jan Børge Monsen, Svelgen-Bremanger
Varamedlem	*Jorunn Selseng Aasen, Førde
Varamedlem	Ingunn Myroldhaug Skarstein, Olden

Distriktsråd for Røde Kors Ungdom

Distriktsrådsleiar	*Marte Heggestad, Luster
Nestleiar	*Hege Anett Nygård Seljeset, Eid
Medlem	*Sunniva Fjeldstad Buset, Svelgen-Bremanger

Valnemnd Distriktsstyret

Leiar	* Einar Målsnes, Balestrand
Medlem	*Bente Nilsen, Flora
Medlem	*Katinka Barsnes Hauge, Sogndal
Medlem	*Malin Fredheim Gjerde, Vikane
Varamedlem	*Knut Henning Grepstad, Leikanger

Valnemnd Distriktsrådet for Hjelpekorps

Leiar	* Ove Fortun, Luster
Medlem	* John Petter Svedal, Leikanger
Medlem	* Benedicte S. Valberg, Flora
Varamedlem	* Kenneth Kalhagen, Hafslo
Varamedlem	*Einar Helge Hansen, Jølster

Valnemnd Distriktsråd for Omsorg

Leiar	*Dag Magne Sætren, Eid
Medlem	*Arne Kvalen, Luster
Medlem	*Bente Nilsen, Flora
Varamedlem	*Bjarne Hellebø, Lavik

Valnemnd Distriktsråd for Røde Kors Ungdom

Leiar	*Jostein Vedvik, Førde
Medlem	*Runa Løkka Måseidvåg, Lærdal
Medlem	*Jon Atle Sagebø-Rise, Svelgen-Bremanger

Internasjonalt utval

Leiar	Agnar Aas, Aurland
Medlem	Per Kristian Storevik, Stryn
Medlem	Einar Målsnes, Balestrand
Medlem	Jorunn Selseng Aasen, Førde/d-råd omsorg
Varamedlem	Nina Heggenes Gjermundstad, Vadheim/o
Medlem	Sonja Molvik Myrekrok, Høyanger/d-råd Hjk
Medlem	Sunniva Fjeldstad Buset, Svelgen-Bremanger
Varamedlem	Jostein Vedvik, Førde/d-råd ungdom

Beredskapsutval

Leiar	Per I. Rimmen, Flora
Medlem	Steinar Grønsberg, Aurland
Medlem	Britt Optun, Luster/d-råd omsorg
Varamedlem	Arne Dale, Hyllestad/d-råd omsorg
Medlem	Geir Ove Optun, Luster/d-råd hjelpekorps
varamedlem	Anita Kristin Vik, Stryn/d-råd hjelpekorps
Medlem	Hege Anett Nygård Seljeset, Eid/ RK Ungdom
varamedlem	Marte Heggestad, Luster/d-råd RK ungdom

Rådet til Røde Kors Nordisk United World College

Medlem	Lars Otto Sagvold, Førde
Varamedlem	Margrethe Skåden, Gulen

Kontaktgruppa for Røde Kors Nordisk United World College

Leiar	Jon Atle Sagebø-Rise, Svelgen-Bremanger
Medlem	Lars Otto Sagvold, Førde
Varamedlem	Margrethe Skåden, Gulen

Heidersteiknkomite Arbeidsutvalet
Eigarrepresentant SFRK Eigedom AS
Synøve Sande, Svelgen - Bremanger

Eigarrepresentant Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS
Synøve Sande, Svelgen - Bremanger
Vararepresentant i Distriktsrådet for HV09 og HV11
Pål Andreas Dahl, tilretteleggar beredskap

Representant i Fylkesberedskapsrådet Dag Hovland, dagleg leiar
Varamedlem til styret i Røde Kors Nordisk United World College
Dag Hovland, dagleg leiar

Tilsette

Dagleg leiar	Dag Hovland
Tilretteleggar lokalforeining/beredskap	Pål Andreas Dahl
Tilretteleggar informasjon	Lene Sørøy Neverdal
Tilretteleggar hjelpekorps	Cathrine Kristiansen Heggø
Tilretteleggar barn og unge	Siv Merethe Hatlem (frå 16.10.)
Tilretteleggar migrasjon og besøksteneste	Jon Langeland Thomsen
Tilretteleggar ungdom og omsorg mm.	Thor Erlend Mehammer
Tilretteleggar opplæring	Margrethe Skåden/ Martine Viken
Tilretteleggar digitalisering	Thomas James
Tirretteleggar rekruttering	Rune Rajendram
Kontor- og prosjektmedarbeidar	Irene Grøneng

Revisor Deloitte, Førde

Sogn og Fjordane Røde Kors

Langebruvegen 28, 6800 FØRDE
Telefon: 57 72 31 30
E-post: dk.sognogfjordane@redcross.no
Organisasjonsnummer: 983 198 422
Bankkonto: 3700.20.27616

RØDE KORS-PRINSIPPA: HUMANITET, UPARTISKHEIT, NØYTRALITET, UAVHENGIGHEIT, FRIVILLIGHEIT, EINSKAP, UNIVERSALITET

rodekors.no/sfj

youtube.com/sfrodekors

@sfrodekors

@sfrodekors

Røde Kors Sogn og Fjordane